


Hægelandsmålet



Sig Tove Aasen og Oddvar Moen

Vennesla dialekt- og mållag 2023

ISBN 978-82-692978-0-5



Hægeland før kommunesamanslåinga i 1964

Innhald

Forord	4	
Forkortingar	5	
Norvegja lydskrift	5	
Ivar Aasen skreiv ned ord frå Hægeland	6	
Avgrensing av målføret	7	
Lydverket	12	
	Blaude konsonantar	13
Formverket, ordklassar og bøyning	14	
	Substantiv	14
	Verb	16
	Pronomen	21
	Spørjeord, talord og adjektiv	23
Eksempel på verb som begynner med s	24	
Verb er ein spennande ordklasse	25	
	Onomatopoetikon	25
Ordsamling	26	
	Ord og vendingar	61
	Ord om husdyr	62
	Ord om korn og baking	66
	Ord om mål og vekt	70
	Ord om stavproduksjon	73
	Ord om tømmerfloting	77
Tekstar på hægelandsmål med lydfiler	80	
Å <i>gjure</i> med hegd og reip	82	
Kjelder	83	

Forsidebildet viser ei hegd med reip av hamp. Eigaren, Mikal Godtfredsen f. 1892 i Nerevollen på Kile, har skore inn *MG 1939*. Hegd og reip var ein heilt nødvendig reiskap til å gjorde (feste) lass på vogn og slede, ikkje minst når dei skulle køyre heim høyr frå heieslått. Høyet blei lagt i stakk eller høyløe om sommaren og heimkøyrte på vinterføret. Heieslått tok slutt under og straks etter krigsåra 1940–45. Det siste året med heieslått i Nerevollen var 1952. Side 82 kan du sjå framgangsmåten for å gjorde (hægelandsmål å *gjure* / *jure*). Ordet *hegd* er eksempel på at ord går ut av talemålet fordi driftsformer og arbeidsliv har endra seg. Den tekniske utviklinga har gjeve oss jekkestroppar og strammeband. Hegd og reip er avleggs.

Forord

Sig Tove Aasen leverte våren 1981 hovudfagsoppgåve til historisk-filosofisk embetseksamen i nordisk ved Universitetet i Bergen. Tittelen var *Endringar i ordtilfanget i ei Vest-Agder bygd, Hægeland*.

Dette er eit omarbeidd utdrag som er digitalisert og utvida, for å kunne ligge på heimesida til Vennesla kommune. I den første delen viser me ein del særdrag med hægelandsmålet samanlikna med dialektane i nabobygdene. Så kjem ei utgreiing om lydverket og formverket.

Ordsamlinga viser berre ein liten del av orda i hægelandsmålet. Nokre ord er i dagleg bruk, men me har også tatt med ord og uttrykk som berre ein del eldre i bygda enten forstår eller bruker i dagleg tale. Det kan vere ei høveleg oppgåve for skuleelevar å undersøke kor mange ord dei yngre kjenner til eller bruker. Målsettinga er å gjere ein del av den lokale språkarven synleg for dei yngre generasjonane.

Professor emeritus Martin Skjekkeland, Universitetet i Agder, skriv i *Store norske leksikon* at dialektane endrar seg heile tida. Særtrekk blir borte, og nye kjem til. Slik er det også med ordforrådet. Samfunnsutviklinga gjer at ord og uttrykk, t.d. frå arbeidslivet, blir erstatta av nye i takt med den tekniske utviklinga. Her er lenker til nokre artiklar han har skrive om dette temaet:

https://snl.no/endringar_i_norske_dialektar

<https://snl.no/dialektendring>

https://snl.no/dialekter_p%C3%A5_Agder

Me takkar Martin Skjekkeland for god hjelp. Han har lese manus til *Hægelandsmålet* og komme med nyttige kommentarar og innspel undervegs i arbeidet.

Olav Jortveit gav i 2010 ut boka *Venneslamålet, ein sentral og standhaftig dialekt på Agder*. Vennesla dialekt- og mållag gjorde i 2013 avtale med Olav og Trygve Jortveit om å legge ei digitalisert utgåve av boka på den kommunale heimesida, og det sa Vennesla kommune ja til.

<https://www.vennesla.kommune.no/venneslamaalet.426475.no.html>

Takk til Sig Tove Aasen for fagleg hjelp og rettleiing. Takk også til Vennesla kommune for velvilje og kulturmidlar til dugnadsarbeidet med å skrive *Hægelandsmålet*.

Oddvar Moen

Vennesla dialekt- og mållag

Forkortingar

adj.	adjektiv
adv.	adverb
b.f.	bunden form, jf. ub. f. = ubunden form
bm.	bokmål
E	eldre seier
f.	femininum (hokjønn)
hm.	hægelandsmål
intrans.	intransitiv, intransitive verb tek ikkje objekt: Høna ligg. Katten sov.
m.	maskulinum (hankjønn)
n.	nøytrum (inkjekjønn)
nyn.	nynorsk
pl.	pluralis (fleirtal)
sg.	singularis (eintal)
subst.	substantiv
TL 1	tonelag 1 som i <i>tanken</i> du fyller. (b.f. eintal av ein tank)
TL 2	tonelag 2 som i <i>tanken</i> du tenker. (b.f. eintal av ein tanke)
trans.	transitiv, transitive verb tek direkte objekt: <i>Eg høgg ved. Høna la egg.</i>
ub.f.	ubunden form
v.	verb
Y	yngre seier

Lydskrift

I kapitlet om lydverket har me brukt lydskrift. Norvegia er eit lydskriftsystem som blei utvikla av fonetikaren¹ Johan Storm 1836-1920. Lydskrifta norvegia er eit viktig hjelpemiddel for dei som studerer nordisk ved norske og utanlandske universitet.

ə	trykklett e	<i>jentə</i>	(Me uthevar det lydeiknet me snakkar om.)
ɛ	open e	<i>jɛntə</i>	
ɧ	kj-lyd	<i>ɧolə</i>	
ɔ	open o	<i>dykkɔ</i>	
ɑ	vanleg a	<i>tɑkɑ</i>	= skodde (om veret)
ò	lyd mellom o og a	<i>ei tøkə</i>	(eit tak)
ɹ	skarre-r	<i>førə</i>	
ɧɛ : mə	: viser lang vokal	lang <i>ɛ</i>	Æ <i>kjæ:me te dæ nå.</i>
ɧemmə	kort vokal	<i>ɧemmə</i>	høy
ɧ	sj-lyd	<i>hysə</i>	(hysje). Sjå pkt. 3 side 12 om s+j-lyden.

Me skriv lang æ-lyd med æ (et jære = eit gjerde) og kort e/æ-lyd med e. (Ho gjekk ut.) Jf. *ɛ*.

<https://www.youtube.com/watch?v=Lw4dJUmu6Uc> Innlese av Sig Tove Aasen.

¹ Fonetikk er læra om språklydane. Fonologi er læra om kva funksjon språklydane har i språket.

Ivar Aasen skreiv ned ord frå Hægeland



Ivar Aasen 1813-96
Fotoeigar: aasentunet.no

Då Ivar Aasen på midten av 1800-talet reiste rundt i Noreg og samla inn dialektar, var han òg i Agder og i Hægeland. Me har lese dagbøkene hans og ordbøkene hans.

I ordbøkene har han skrive kor han har funne orda, og mange stader står det *Agder* eller *Mandal amt*, ja, det står også *Hægeland* nokre stader.

Mange av desse orda har nå gått or bruk. Det er heilt naturleg, særleg når det gjeld ord som beskriv gamle arbeidsmåtar og liknande. Men mange **adjektiv og adverb** har òg gått or bruk, og det er dei ein kan sakne. Desse orda beskriv menneska, naturen og måten ting blei gjort på, på svært detaljert vis. Dessverre har mykje av dette gått tapt i dagens dialekt, og ein kan vel seie at me sit att med eit svært avgrensa ordtilfang på dette området.

Det kan derfor vere moro å ta fram noen av dei gamle orda. Me kan byrje med eit ord som blei brukt i 1950-åra: **raten**. Med det ordet beskriv ein eit menneske som ikkje var greitt! Når Ivar Aasen forklarte kva orda betydde, gjorde han det på dansk. Det fanst jo ikkje noko norsk skriftspråk då!

Døuåll: *være dorsk, sløv, yderst mat*. I dette ordet har me ei ending som nå er borte: åll. Denne endinga blei brukt i mange adverb og adjektiv og var utbreidd på Agder.

Dritvellen: *let synligt tilsmudset*.

Drusteleg: *prægtig, glimrende*.

Einstøug: adj. *om en som lever for sig selv*. Her har me også ei ending som nå er borte: ug. Endinga blir brukt ennå i Setesdal.

Eveleg: *værende, eksisterende*. «evelig lengje»: *meget længe*.

Raten: *vrang, vanskeleg*

Uhorvelege: *usædvanlig, umaadelig*.

Ukjuren: *skjødesløs, uordentlig, urenselig m.m.*

Unst: *nederst*.

Uryggjeleg: *forfærdelig, overvettes*.

Ussut: *forviklet*.

Uvand: *om Personer: nøisom, ikke kræsen; saaledes ogsaa: jævn, ligefrem, let at omgaaes med*.

Uviseleg: *uanseelig, ubetydelig*.

Avgrensing av målføret

Hægelandsmålet er eit vest-egdemål og høyrer til dei sørvestlandske målføra. Bygda ligg lengst aust i «gamle» Vest-Agder, og ein finn at ho med omsyn til målføret ligg i eit overgangsområde. Norsk målføregransking har halde på tradisjonen å sjå på isoglossane² for jamvekt/ikkje jamvekt og kløyv infinitiv som dei viktigaste grensene innan dialektgeografien. Men for lekfolk er ikkje dette så lett å få auge på. Talar ein med folk om dialektar, er det heilt andre skilnader enn endingsvokalar dei er opptekne av. Dei legg mellom anna merke til skilnad i tonefall, uttale av r-lyden og diftongering av vokalar, og kan hende ikkje minst, ordtilfang.

Hægelandsdialekten er altså eit vestnorsk e-mål. Det er vestnorsk fordi jamvekta ikkje spelar noen rolle, og e-mål fordi det har **e** som ending i infinitiv og i svake hokjønnsord. Døme:

å *ve:ɲə* å *skri:və* ei *jəntə* (å vere, å skrive, ei jente)

Målet har ikkje tjukk l og r-lyden er skarra. (ɲ)

Desse trekka er det vel i fyrste rekkje som skil målet frå austlandsk. Austnorsk har kløyvd inifiniv (å kaste – å væra). På Agder har me område med a-mål, e-mål og e-/a-mål. Sjå side 8 og 9.

I boka om venneslamålet skriv Olav Jortveit om *musikken i språket*: «Kvart språk og kvar dialekt har sin meir eller mindre særeigne tonegang, sin *musikk* med lyd- eller tonevariasjonar opp eller ned langs skalaen. --- Tonegangen blir danna av ulike språkpåverknader som til saman lagar ein heilskap. Slike påverknader er t.d. trykk, tonelag (tonem) og tonefall med høgtone eller lågtone.» Tonegang blir også kalla *setningsmelodi* eller *intonasjon*.

Stavingstrykk

Norske ord med meir enn ei staving har oftast ei trykk tung og ei trykklett staving. Bunden form fleirtal av ordet *bil* har tre stavingar 'bil-an-e'. Første staving er trykk tung, og dei to andre er trykklette. Også samansette ord som 'last-e-bil' har trykket på første staving. Slik er det også i hægelandsmålet.

Hægedølane uttalar stor sett framandord og låneord med «korrekt» trykk på siste staving. **ba-nan**, **po-tet**, **sta-sjon**, **kon-duk-tør**, **ab-bel-sin** / **ap-pel-sin**.

I trøndske og austlandske dialektar ligg trykket nokså konsekvent på første staving.

Tonelag (el. tonem)


Me var inne på dette med «tonefall». Dei fleste dialektane i Noreg skil mellom tonelag 1 og tonelag 2.

Det er tonelag 1 i ordet 'tanken' (b.f. eintal av ein tank.) Tonelag 1 er det typiske når utgangspunktet er eit einstavsord som mann, ku og hopp.

² Linje på eit språkkart for å vise grenser for utbreiing av ord, språklydar, bøyingar osv.

Det er tonelag 2 i ordet ‘tanken’ (b.f. eintal av ein tanke.) Tonelag 2 er karakteristisk for substantiv med utgang på trykklett -e, som pinne og kake. Alle infinitivar med meir enn ei staving har tonelag 2, slik som i sage, lyse og finne.

Høgtone og lågtone



Kartet viser grensa mellom område med høgtone og lågtone. Med løyve frå Martin Skjekkeland.

Ved sida av dette karakteriserer ein og dialektane etter høgtone og lågtone. Vestnorsk har stort sett høgtone fordi dei uttalar eit tonelag 1-ord slik at dei startar høgt oppe og endar lågt i tonehøgde (frekvens). Tonelaget får namn etter den trykksterke stavinga³. Austlandsk og trøndersk har lågtone:

ˌso_la og ˌbo_ka

Det er omvendt i veslandsk og nordnorsk, der den trykksterke stavinga har høgare tone enn den trykklette, altså høgtone:

ˈso_la og ˈbo_ka

Frå Aust-Agder og austetter seier ein at dialektane har lågtone. Hægelandsmålet skal etter dette ha høgtone. Me vil helst karakterisere tonen her som flat. Dette kjem kan hende av at bygda ligg på grensa til Aust-Agder. Hægelandsmålet representerer såleis eit overgangsfenomen.

Hægeland ligg på eit vis isolert som målområde. Grannemåla har ein del trekk som me ikkje finn i Hægeland.

1. Måla vestafor er a-mål og har høgtone
(Kolon etter ein vokal markerer at han er lang.)

	Finsland		Bjelland		Hægeland	
Infinitiv	ve:na (å vere)	skri:va (å skrive)	ve:na (å vere)	skri:va (å skrive)	ve:nə (å vere)	skri:və (å skrive)
Svake ho- kjønnsord	jenta (ei jente)	jentå (den jenta)	jentə (ei jente)	jentå (den jenta)	jentə (ei jente)	jenta (den jenta)
Sterke ho- kjønnsord	bygd (ei bygd)	bygdå (den bygda)	bygd ei bygd)	bygdæ (den bygda)	bygd (ei bygd)	bygda (den bygda)

³ Martin Skjekkeland i boka *Dialektlandet* 2010

2. Måla nordafor og austafor

Hægeland grensar til Hornnes i nord. Her finn me e-/a-mål, men dette er på veg ut.

Infinitiv:	<i>ve:ɾə</i>	<i>skri:və</i>	(å vere, å skrive)
Svake hokjønnsord:	<i>gry:ta</i>	<i>gry:tå</i>	(ei gryta - den grytå)
Sterke hokjønnsord:	<i>my:ɾ</i>	<i>my:ɾæ</i>	(ei myr - den myræ)

I aust grensar me til Iveland, som har e-mål.

3. Måla sønnafor

Me grensar i sør til Vennesla og Øvrebø. Begge desse måla er e-mål. Skilnaden mellom Øvrebø- og Hægelandsmålet er svært liten. Vennesla har sterkare diftongering av o > åo. Tonefallet i venneslamålet er meir likt aust-egdemål enn vest-egdemål.

Dei skilnadene det her er skrive om, gjeld lydverk og formverk. Måla er nok ulike på eit anna vis og, – når det gjeld ordtilfang.

Karakteristikk av målføret

Hægelandsmålet har m.a. desse trekka:

1. Ikkje kløyvd infinitiv.
e-mål: å *ve:ɾə* å *skri:və* subst. f. ei *vɛskə* (å vere, å skrive, ei veske)
2. Sterke og svake hokjønnsord har same ending (-a) i bunden form eintal: *jɛnta so:la*
(jenta, sola)
3. -r i ubunden form fleirtal er fallen:⁴ *sto:lə* m. *jɛntə* f. *ɛplə* n.
4. Skarre-r: *kɛɾɾə* f. (ei kjerre)
5. Overgang til blande konsonantar: Søre delen av bygda har overgang pkt > bdg:
tape, mat og skrik blir til *ta:bə* v. *ma:d* m. *skri:g* n.
6. Presens av sterke verb er tostava med svarabhaktivokal⁵, tonelag 1.

kɛ:mə, jɛɳɳə (nynorsk: kjem, gjeng / går)

7. Assimilasjonar⁶

ld > ll:	<i>kvɛll</i> m.	(kveld)	ng > ɳɳ:	<i>saɳɳ</i> m.	(sang)
nd > nn:	<i>lann</i> n.	(land)	gn > ɳn:	<i>tiɳn</i> n.	(tegn/teikn)
mb > mm:	<i>lamm</i> n. ⁷	(lam)	rn > nn:	<i>konn</i> n.	(korn)
fn > mn:	<i>omn</i> m.	Ein del av dei unge har begynt å seie <i>ovn</i> .			

⁴ Fallen = utkutta

⁵ Svarabhakti vil seie at det har utvikla seg ein vokal mellom to konsonantar i eit ord slik at det oppstår ei ny staving. Eksempel: gammalnorsk *akr* har vorte til norsk *åker*.

⁶ Assimilering: Språklydar påverkar kvarande så dei blir heilt eller delvis like.

⁷ I Valle seier ein stadig *lamb* og *lambe* om eit lam og det lammet.

8. Pronomen

Personlege pronomen

	Sub- jekt- form	Objektform	Eigeform
1. pers. sg.	<i>æg / æ</i>	<i>mæg / mæ</i>	<i>min / mi / mitt / mine</i>
2. pers. sg.	<i>du</i>	<i>dæg / dæ</i>	<i>din / di / ditt / dine</i>
3. pers. sg.	<i>hann / ho / de 'ann / 'o</i>	<i>hann / ho / de</i>	<i>hanses / hans hennq (E) / hossæs (Y)</i>
1. pers. pl.	<i>me / mi</i>	<i>qkkæ</i>	<i>qkkq / qkkqs</i>
2. pers. pl.	<i>dykkæ</i>	<i>dykkæ</i>	<i>dykkqs</i>
3. pers. pl.	<i>dęi</i>	<i>dęi</i>	<i>dęirå (E) / dęisæs (Y)</i>

Peikande pronomen

dęnnæ (her)

dęttæ

syssæ

dęnnæn (der)

dęttæn

syssæn

Generasjonsskilnader

Eldre personar

1. Svarabhaktivokal

ɛin sto:rə mann

2. Vokalkvalitet:

kå:mə inf.

ha:gl n.

ba:ktə pret.

3. Diftongforenkling

ʃøyrə inf.

4. Sterke verb av 2. klasse

brøud pret.

skøud

5. Dentalsuffikset i pret. av svake verb

fø:rdə

6. Komparativ

ti:liarə

Yngre personar

ɛin sto:rə mann

Dei yngre har overgang til kort vokal.

kɔmmə

hagl

baktə

ʃø:rə

brøyd

sjøyd NB: uttalen er s-j, ikkje *ɣ* som i *hysj*.

fø:rtə

ti:liqrə

Meir om lydverket

1. *O-lyden*: Hægeland-målet følgjer normalmålet og har ikkje diftongen *åo* slik som i Veneslamålet. Hægedølane seier *stol* og *bor* (bord) der venndølane seier *ståol* og *båor*.
2. Hægeland har *skarre-r* (*r*) slik som dei ytre bygdene på Agder.
3. *Sj-lyden* har vore uttala som to lydar (*s+j*) i ord som *sjø* og *hesje*, ikkje som ein samansmelte «hysje-lyd». Dei unge går nok over til hysjelyden.
4. Grensa mellom «blaude» og harde konsonantar (*d/t*, *b/p* og *g/k*) har tradisjonelt gått mellom Frivoll og Eikeland.
Sør for Frivoll: *graud*. Nord for Frivoll: *graut*.
5. *Kort u* blir uttalt som *open o*: *ei sòppe* (suppe), *he fònne* (har funne)
6. *Assimilasjon* har me når to konsonantar som står innmed kvarandre, tilpassar seg til kvarandre og blir like:
Id > ll: *sill* (ei sild), *kvæll* (ein kveld), *mellə* (å melde)
nd > nn: *bann* (band), *sennə* (sende), *honn* (hund)
rn > nn: *konn* (korn), *honn* (horn), *bonn* (born), *jinn* (jern) i gamle ord som *strykejinn* (strykejern), men *jern* i nyare ord som *jernbanə*, *bjønn* (bjørn), *sjønnə* (stjerne)
7. *Kort o-lyd* blir ofte uttalt som *kort å*:
kårt (kort om lengde), *kåst* (kost, om mat), *kårtståkk* (kortstokk) NB: *honn* (horn)
8. *Ø* eller *y* i ord som har *y* i normalmålet:
Hægedølane held på *y*, ulikt venndølane som seier *sønn* (synd), *tønn* (tynn), *søngə* (syngje), *pøntə sæ* (pynte seg)
9. *Ein del (til dels eldre) ord* har *å* der normalmålet har *a*:
håmmår (hammar), *nåvår* (navar), *tråvar* (travar). Dei yngre seier no *hammer*, *naver* og *traver*.
10. *Desse orda* har *u-omlyd*, dvs. at ein gammal *u* i ending i si tid har verka inn på *a-en* i orda slik at denne har fått eit djupare uttale-leie og har gått over til *å-lyd*:
nøtt (natt) *tønn* (tann), *tønn* (bokmål: tang og nynorsk: tong), *stønn* (bokmål: stang, nynorsk: stong), *strønn* (strand), *gønn* (bokmål: gang, nynorsk: gong), *gå : n* (garn), *skøm* (skam), *krømbu* (krambu), *trønn* (bokmål: trang, nynorsk: trong), *hønn* (hang), *hønk* (hank), *slønn* (slang), *bonn* (bokmål: barn, nynorsk: born).
Hægedølen seier et *bå* : *n* – fl. *bonn*.

Frå gammalt har det vore to å-lydar i store delar av Agder. Det er skilnad på køl (nynorsk kol/bokmål kull) og kål (grønnsak), ei tòke (eit tak) og tåke (om veret).

11. I enkelte ord brukte dei gamle hægedølane **ps, pt** der det er vanleg å ha **fs, ft** i dag: *låptə* (loftet) *jiptə sæ* (gifte seg), *løpsə* (lefse), *røpt* (kvilerøpt, rift), *knivskapt* (knivskaft),) *topt* (tuft). På Kile har me garden Toptan. Det heng kanskje igjen noko av dette blant dei eldre. Heptekjerr i Vennesla og Dalehepte i Øvrebø er andre eksempel på at den gamle uttalen held seg lengst i stadnamn. (hepte = hefte, ta ein pause). I gamle dagar med hest som trekraft, var det mange som kvilte her, særleg setesdølane.

12. I somme ord blir kort og enkel g etter vokalen e svekka og går over til i:

vei (veg), Æ he leiə (lege) lengə i da., Kå æ de du dreə (dreg) mæ dæ heim?
å seinə (segne) om, breinə (bregne), Han he sleiə (slege) grasə på heile jorə.

13. I somme ord går kort e over til i: å *tiŋnə* (bokmål å tegne / nynorsk teikne), ei *tiŋniŋ* (tegning / teikning), å *riŋnə* (regne), ei *riŋniŋ* (regning / rekning)

«Blaude» konsonantar

Ptk> bdg. Det er dette me kallar overgang til blaute konsonantar. Dette er me vande til i sørlandske dialektar.

Når det gjeld Hægeland, har grensa mellom blaute og harde konsonantar gått mellom gardane Frivoll og Eikeland, med **bdg** i sør og **ptk** i nord.

Derfor vil me i denne samlinga om hægelandsmålet sjå eksempel på ord med blaute konsonantar og andre med harde konsonantar.

pibe/pipe, stryge/stryke, ede/ete, fløde/fløte, kage/kake, bide/bite. flade/flate, smage/smake, lige/like, møde/møte.

Som me ser, er det svært mange ord der ptk blir til bdg i dei dialektane som har «blaude» konsonantar.

Desse overgangane har truleg utvikla seg i sein mellomalder. Tradisjonelt finn me dei i sør i Noreg, frå Aust-Agder til Karmøy i Rogaland, ute ved kysten. Me finn dei også i Sør-Sverige og i Danmark. I Tyskland finn me dei og i nokre dialektar.

Det er ikkje så lett i dag å seie kor grensene går her i Agder. I Kristiansand ser det ut til at dei unge går over til å bruke harde konsonantar. Dette er nok påverka frå austlandsk og vil sannsynlegvis også påverke uttalen i hægelandsmålet.

Her kan du lese meir:

<https://snl.no/s%C3%B8rlandsk>

https://snl.no/den_bl%C3%B8de_kyststrib

Formverket, ordklassar og bøying

Substantiv

1. Regelrette substantiv.

Bøyinga av regelrette substantiv er enkel i hægelandsdialekten. I eintal blir dei stort sett bøygde på same måten som i vanleg nynorsk.

Hankjøn: ein bil – den bilen

Hokjøn: ei jente – den jenta

Inkjekjøn: et tau – det taue (tauet)

I fleirtal er bøyinga langt enklare enn i normalmålet: Dei aller fleste substantiva får endinga -e i ubunden form fleirtal og -ane i bunden form fleirtal. Dei fire hovudformene av substantiva ser då slik ut samanlikna med nynorsk:

nyn:

ein gut – guten – gutar – gutane

ein kjelke – kjelken – kjelkar – kjelkane

ein kalv – kalven – kalvar – kalvane

ei skål – skåla – skåler – skålene

ei jente – jenta – jenter – jentene

ei seng – senga – senger – sengene

eit hus – huset – hus – husa

eit gjerde – gjerdet – gjerde – gjerda

eit eple – eplet – eple – epla

eit egg – egget – egg – egga

eit kott – kottet – kott – kotta

hm:

ein gud – guden – fleire gude – alle gudane

ein kjelke – kjelken – kjelke – kjelkane

ein kalv – kalven – kalve – kalvane

ei skål – skåla – skåle – skålane

ei jente – jenta – jente – jentane

ei seng – senga – senge – sengane

et hus – huse (einstavings tonelag) – huse (tostavings tonelag) – husane

et jære – jære – jære – jærane

et eple – eple – eple – eplane

Bare einstava inkjekjønnsord med kort rotvokal får litt avvikande bøying:

et egg – egge – egg – eggane

et kått – kåtte – kått – kåttane

Ubunden form fleirtal av desse orda får altså inga ending, slik det au er i vanleg nynorsk.

2. Døme på uregelrett bøyning av substantiv:

Hankjønn:

nyn:

ein mann – mannen – menn – mennene
ein far – faren – fedrar – fedrane
ein bror – broren – brør – brørne
ein son – sonen – søner – sønene
ein fot – foten – føter – føtene
ein mo – moen – moar – moane

hm:

ein mann – mannen – menn – mennane
ein far – faren – fedre – fedrane
ein bror – broren – brøre – brørane
ein son – sonen – søne – sønane
ein fot – foten – føte – føtane (Den søre delen av Hægeland seier *fod* osv.)
ein mon – monen – mone – monane (jf. garden Monan)

Hokjønn:

nyn:

ei mor – mora – mødrer – mødrene
ei dotter – dottera – døtrer – døtrene
ei bok – boka – bøker - bøkene
ei mus – musa – myser – mysene
ei tå – tåa – tær – tærne
ei ku – kua – kyr – kyrne

hm:

ei mor – mora – mødre – mødrane
dotter – dottera – døtre – døtrane
ei bok – boka – bøke - bøkane
ei mus – musa – mysne – mysnane
ei tå – tåa – tæe /(el. tæne) – tæane (eller tæanane)
ei kyr – kyra – kyre - kyrane

Inkjekjønnsord:

nyn:

eit barn – barnet – born/barn – borna/barna
eit hus – huset – hus – husa
eit nøste – nøstet – nøste – nøsta
eit auge – auget – auge – auga
eit øyre – øyret – øyre – øyra

hm:

et bån – båne – bonn - bonnane NB: uttalen er o.
et hus – huse – hus – husane
et nøste – nøste – nøste – nøstane
et aue – aue – aue – auane
et øyre – øyre – øyre – øyrane

3. Ei spesiell gruppe hokjønnsord:

Ein del einstavings hokjønnsord som i normalmålet endar på rotvokalen i ub. form eintal, har i hægelandsmålet ei bøying som tydeleg viser samanhengen med gammalnorsk og nynorsk:

nyn:

ei å – åa – åer – åene
ei krå – kråa – krær – krærne (om ei krå i huset og ein krok i terrenget)
ei bru – brua – bruer – bruene
ei tå – tåa – tær – tærne
ei øy - øya- øyer/øyar – øyene/øyane

hm:

ei ån – åna – æne – ænane (jf. Eljansåna og Uråna)
ei krån – kråna – krønne – krænnane / (om ei krå i huset og ein krok i terrenget)
ei kron – krona – krønne – krennane
ei brun – bruna – brune – brunane (jf. garden Bruna. Utvikling frå gammalnorsk: bru hine > bru ine > bruna)
ei tå – tåna – tæne – tænanne / ei tå – tåa – tæe / tæne – tæane / tænanne
ei øy - øyna – øye – øyane (jf. Øyna i Iveland.)

Verb

Hægeland-dialekten er eit e-mål. Dvs. at dei aller fleste verba har endinga -e i infinitiv:

nyn:

å leite, komme, finne, sitte / leita, komma, finna, sitta

hm:

å leide, kåmme (før sa dei å kåme), finne, sidde. (På Kile seier mange å site.)

Svake verb:

a-verb (med preteritum på -a):

nyn:

å kaste – kastar – kasta – har kasta
å labbe – labbar – labba- har labba

hm:

å kaste – kaste – kasta – he kasta
å labbe – labbe – labba – he labba

e-verb (med preteritum på -te/-de):

nyn:

å lyse – lyser – lyste – har lyst
å tenke- tenker – tenkte – har tenkt

hm:

å lyse – lyse – lyste – he lyst
å tenke – tenke – tenkte – he tenkt

e-verb (med preteritum på -de):

nyn:

å bygge – bygger – bygde – har bygd
å greie – greier – greidde – har greidd
å køyre – køyrer – køyrde – har køyrt / å kjøre – kjører – kjørte – har kjørt

hm:

å bygge – bygge – bygde – he bygd
å greie – geie – greide – he greid *)
å køyre – køyrer – køyrde – he køyrt (dei yngre seier *kjøre* og *høre*)

*) Verb som i infinitiv endar på rotvokalen, får som regel endinga -dde i preteritum:

nyn:

å bu – bur – budde – har budd
å trø – trø – trødde – har trødd

hm:

å bu – bu – budde – he budd (NB: ikkje r i presens.)
å trø – trø – trødde – he trødd

Bøying av ein del uregelrette, svake verb:

nyn:

å spørje – spør – spurde – har spurt
å seie – seier – sa – har sagt
å legge – legg – la – har lagt
å vete – veit – visste – har visst (eller vite)

hm:

å spør – spør – spørte – he spørt
å seie – seie – sa – he sagt
å legge (tostavings tonelag) – legge (einstavings tonelag) – la – he lagt
å vete – vett – visste – he visst

Sterke verb har presens med omlyd, bortfall av r og svarabhaktivokal:

nyn:

å gå – går – gjekk – har gått (jf. eldre nynorsk: å gange – gjeng – gjekk – hev gjenge)
å få – får – fekk – har fått (jf. eldre nynorsk: å få – fær – fekk – hev fenge)
å sove – søv – sov – har sove
å grave – grev – grov – har grave

hm:

å gå – jenge (einstavings tonelag) – jekk – he jenge
å få – fær(e) (einstavings tonelag) – fekk – he fenge
å såve – søve – såv – he såve
å grave – greve/grev – grov/gravte – he gravt (Dette verbet går over til svakt i preteritum.)

Her viser me til bøyning av ein del sterke verb i dei ulike klassene, nynorsk først og hægelandsmål etterpå:

1. nyn:

å bite – bit – beit – har bite
å pipe – pip – peip – har pipe
å bli – blir – blei – har blitt / el. bli – blir – vart – har vorte

hm:

å bide (tostavings tonelag) – bide (einstavings tonelag) – beid – he bede
å pibe – pibe – peib – he pepe / pebe
å bli – bli – blei – he blitt (Ikkje r i presens)

2. nyn:

å bryte – bryt – braut – har brote
å skyte – skyt – skaut – har skote
å fryse – frys – fraus – har frose

hm:

å bryde – bryde – brøyd/braud – he brøde/bråde (tostavings tonelag i presens)
å slyde – slyde – sjøyd/skaud – he sjøde/skåde
å fryse – fryse – frøys / fraus) – he frøse /fråse

3. nyn:

å finne – finn – fann – har funne
å smelle – smell – small – har smolle
å dette – dett – datt – har dotte

hm:

å finne – finne – fant – he fonne
å smelle – smelle – smalt – he smolle/smelt

å dette – dette – datt – he dotte

4. nyn:

å bere – ber – bar – har bore
å stele – stel – stal har stole
å skjere – skjer – skar – har skore
å sove – søv – sov – har sove
å komme – kjem – kom – har komme

hm:

å bere – bere – bar – he bære
å stele – stele – stal – he ståle/stjåle/stjelt (Dei yngre seier *stjal*)
å sjere – sjere – skar – he skåre
å såve – søve – såv – he såve
å kåme/kåmme – kjæme – kåm – he kåme / kåmme

5. nyn:

å lese – les – las – har – har lese
å sitte – sit – sat – har sete / å sitje – sit – har sete
å gi – gir – gav – ha gitt / å gje – gjev – gav – har gjeve
å ete – et – åt – har ete
å sjå – ser – såg – har sett
å ligge – ligg – låg – har lege
å vere – er – var – har vore

hm:

å lese – lese – las – he lese
å site – sitte – satt – he sete/site / å sidde – sidde – sadd – he sede
å je – je – ga – he jett
å ede – ed – åd – he ede
å se – ser / sere – så – he sett
å ligge – ligge – lå – he leie
å vere – æ – va – he våre (Dei yngre seier nå stort sett *he vært.*)

6. nyn:

å fare – fer – for – har fare
å ta – tek – tok – har teke / å ta tar – tok – har tatt
å dra – dreg – drog – har drege
å stå – står – stod – har stått (eldre nyn: å stande - stend)
å slå – slår – slo – har slått/slege (eldre nyn: å slå – slær)
å få – får – fekk – har fått (eldre nyn: å få – fær – fekk – har fenge)
å gå – går – gjekk – har gått (eldre nyn: å gange – gjeng – gjekk – har gjenge)

hm:

å fare – fere – for – he fare
å ta – te – to/tok – he tee (Mange av dei yngre seier *he tatt.*)
å dra – dre – dro – he dree/drege/dradd
å stå – stænne – sto – he steie (Dei yngre seier *he stått.*)
å slå – slære/slær – slo – he sleie / slått
å få – fære/fær – fekk – he fenge (Dei yngre seier *he fått.*)
å gå – jenge (einstavings tonelag) – jekk – he jenge (Dei yngre seier *he gått.*)

7. nyn:

å heite – heiter – heitte/het – har heitt
å hange – heng – hang – har hange
å halde – held – heldt – har halde

hm:

å heite – heite – heitte – he heitt
å hænge – hænge – hång/hang – he honge/hængt
å hålle – hølle – hålt – he hålt

Merknad:

I nynorsk høyrer verba gale, grave, gnage, male, blåse og hogge med til klassa sterke verb. I hægelsdialekten blir dei bøygde svakt:

å gale – gale – galte – he galt
å grave – greve – grov / gravte – he gravt
å gnage – gnege – gnog / gnagte – he gnagt
å male – mele – mol / malte – he malt (Katten malte.)
å blåse – blæse – blåste – he blåst
å hogge – høgge – hogg/hogde – he hogge/hogd

Som me ser, endar presens (nåtid) av dei sterke verba på -e, der nynorsk ikkje har ending. Denne e-en er ein tilleggsvokal (svarabhaktivokal) som har kome inn i staden for ein hjelpebokal føre ein -r, som var presensending i gammalnorsk. Eksempel på norrønt: koma – kemr. NB: Uttalen av *kemr* var k- ikkje kj- som i *kjem*.

Dette blei vanskeleg å uttale, så det kom ein hjelpevokal, som på Agder var -e . Då blei det *kemer*. Så fall -r bort i presens i mange dialektar, men hjelpelyden stod att. K-en blei til -kj, altså fekk me *kjæme*.

Pronomen

Personlege pronomen:

	<u>Subjektform</u>	<u>Objektform</u>	<u>Eigeform</u>
Eintal:			
1. person	æ /æg)	mæ / mæg	min, mi, mitt, mine
2. person	du	dæ / dæg	din, di, ditt, dine
3. person	han ('an)	han	hanses / hans
	ho ('o)	ho ('o)	hosses / hennes / hennå
	det	det	
Fleirtal:			
1. person	me / mi)	åkke	åkkå / åkkås
2. person	dykke	dykke	dykkås
3. person	dei	dei	deirå /deises

Ubundne pronomen:

<u>Hankjøn</u>	<u>Hokjøn</u>	<u>Inkjekjøn</u>	<u>Fleirtal</u>
noen / no'n	noen / no'n	noe / no'	none / noen
all	all	alt	alle
ann / annen	ann	ant	andre
mang ein	mang ei	mangt et	mange / fleire
		somt	somme
ingen	ingen	ikkje noe / 'kje no / ingenting	
ekká (einkvan)	ekká	ekká	ekká

Eksempel:

Æ kjæme heim te dæ ein annen da. Jf. æg / dæg / mæg.

Du må ta på dæ ei ann surte.

Æ skolle ønske de blei et ant ver i måra.

ekká = ein aller annan, ei eller anna, eit eller anna

He du ekkå mæ dæ som kan jælpe dæ?

Æ må få mæ ekkå å jørr / jårr.

Peikande pronomen:

<u>det nære</u>	<u>det fjerne</u>	
dennæ	dennen	(Her legg vendølsk til hærane og dærane. Då blir det
dettæ	detten	<i>denne hærane og dennen dærane.</i>)
dessæ	dessen	

eller:

deiæ deien

syssæ syssen (= slik)

Merknad:

Ivar Aasen seier i sin *Norsk Grammatikk* (1864) om denne særeigne bøyinga av peikande pronomen: «En besynderlig Egenhed ved Ordet «denne» er det ellers at de paa mange Stæder har to Former, hvoraf de ene bruges om en nærmere Ting og en anden om en fjernere.»

Jf. engelsk: *these / those*

Kan æ ta dennæ stolen? (som står nær)

Vil du ha dennen stolen (som står lenger unna)

Eigedomspronomen:

<u>nyn:</u>		<u>hankjønn</u>	<u>hokjønn</u>	<u>inkjekjønn</u>	<u>fleirtal</u>
eintal	1. person	min	mi	mitt	mine
	2. person	din	di	ditt	dine
	3. person	hans	hennar	dess	deira
fleirtal	1. person	vår	vår	vårt	våre
	2. person	dykkar	dykkar	dykkar	dykkar
	3. person	deira	deira	deira	deira

<u>hm:</u>		<u>hankjønn</u>	<u>hokjønn</u>	<u>inkjekjønn</u>	<u>fleirtal</u>
eintal	1. person	min	mi	mitt	mine
	2. person	din	di	ditt	dine
	3. person	hans/hanses	hennå/hosess	dess/desses	deira
fleirtal	1. person	åkkå/åkkås	åkkå/åkkås	åkkå/åkkås	åkkå/åkkås
	2. person	dykkå/dykkås	dykkå/dykkås	dykkå/dykkås	dykkå/dykkås
	3. person	deises	deises	deises	deises

Dei gamle formene hanses, hoses, desses, åkkås, dykkås, deises er nå brukte som adjektiviske eigedomspronomen, men utan bøyning i kjønn og tal:

Me sat/sadd i hanses bil. De va åkkå kjyre du så. Ho lånte dykkå sykkel. Æ tru de æ deises hus me ser/sere dær. De æ åkkå kjyre. Dei kjyrane æ åkkås.

Spørjeord

hægelandsmål:

å/kå

åffår/kåffår ein/ei/et/no/no'n

kven/vem

å henne

kåffår/åffår

kåss/kåssen/åssen

nynorsk:

kva

kva for ein/ei/ eit/nokon el. noen

kven

kvar/kor

kvifor

korleis

Talord

Ein – to – tri – fire – fem – seks – sju – åtte – ni – ti – elleve/ølløu – tåll – tretten – fjorten – femten – seisten – sytten – atten – nitten – kjue – einåkjue

Adjektiv

Positiv	Komparativ	Superlativ	Positiv	Komparativ	Superlativ
hægelandsmål:			nynorsk:		
trygg	tryggare/ tryggåre	tryggast	trygg	tryggare	tryggast
stor	større	størst	stor	større	størst
liten	mindre	minst	liten	mindre	minst
møe	meir	mest	mykje/mye	meir	mest
go	bær/bære	best	god	betre	best

Eksempel på verb som begynner på s

Det er utruleg mange verb som startar med s- i dialekten vår og som beskriv måtar å bevege seg på.

Sabbe	<i>Han jenge nå dær å sabbe i alt rote på golve.</i>
Sirkle	<i>Gå rundt og leite. Han sirkla seg inn på byttesteinen.</i>
Sjangle	<i>Han var så full at han sjangla då han gjekk heim.</i>
Sjeine	<i>De va så glatt at bilen sjeina a veien.</i>
Sjåge	<i>Jage/få unna. Ho sjåga ungane ud i fosstaua.</i>
Skræve	<i>Han skræva over grøfta.</i>
Slarke	<i>Ho går omkring utan mål og meining.</i>
Slenge	<i>Ho slengte sæ unna bilen. Han slang innom nabokona.</i>
Slentre	<i>Han jenge med hendene i lomma å slentre ront på tune.</i>
Slæbe / slæpe	<i>Dra.</i>
Smyge	<i>Me smaug okke gjennom den smale døra.</i>
Spjæge / spæge	<i>Sprike. Du må kje sidde dær å spæge, sa dei til småjentene.</i>
Stålpe	<i>Gå i djupsnø / gå med stive bein. Stolpe seg fram.</i>
Strege / streke	<i>Fare omkring.</i>
Stryge / stryke	<i>Ho strauk på dør då ho så mæ.</i>
Stræne	<i>Ho stræna rett bort te disken.</i>
Stabbe	<i>Gå som små born.</i>
Subbe	<i>Ho jenge nå dær å subbe me føtane. (løftar ikkje beina)</i>
Sveive	<i>Dreie rundt. Vil du sveive slipesteinen for mæ?</i>
Svinge	<i>Dei svinga sæ i dansen. Du må svinge innom okke ein da.</i>
Svinse	<i>Svinse og svanse. Fare hit og dit. Mest om dyr.</i>

Verb er ein spennande ordklasse

Her kjem eksempel på nokre verb som blir kalla *inkoative verb*. Dei beskriv overgang frå ein tilstand til ein annan tilstand.

Mørkne	gå frå lys til mørk
Lysne	gå frå mørk til lys
Kjølne	gå frå varm til kaldare
Friskne	gå frå sjuk til friskare
Rødme	frå normal hudfarge til å bli <i>rød</i> Nynorsk: raudne
Besne	bli friskare (betre)
Visne	frå frisk til død (om blomar t.d.)
Bleikne	frå normal hudfarge til kvit
Klarne	frå skya ver til klarver
Stivne	bli stiv
Fatne	ta fyr

Når me ser nærare på desse, ser me at alle verba har eit *infiks*, det vil seie ein bokstav eller ei staving inne i ordet som gjev ordet ei spesiell tyding. I desse verba er det som regel ein **n**.

Så har me ein kategori ord me kallar *onomatopoetikon*

Det vil seie at dei er «lydhermande». Eksempel på verb:

Fisle	sladre
Klappe	lage klappelyd
Klapre	lyd av noko som er laust
Klirre	lyd t.d. av glas som vibrerer
Musle	Han musla og skreiv. Det tyder nok «i liten grad».
Rasle	Det raslar i tørt lauv.
Risle	lyd av rennande vann
Rusle	gå sakte
Smatte	lage lyd med lepper og tunge når ein et
Susle	plaske, søle
Tusle (og tasle)	om dyr som rører seg sakte
Visle	plystrelyd

ORDSAMLING

Her skriv me ein del ord både lydrett etter uttalen og med tilnærma vanleg rettskriving. Eksempel:

1. Geine under **g** og jeine under **j**. *Dæ va så glatt at æ jeina ut i grøfta.*
2. Blaute og harde konsonantar. *bøde / bôte*, jf. pkt 6.
3. Vanlegvis blir kort **o** uttala som ein å-lyd og lang **o** som ein o-lyd. Eksempel:
Ho tingna ei fin bård. (Ho teikna ei fin bord.)
Kari he kjøpt nytt kjøkkenbor. (Kari har kjøpt nytt kjøkkenbord.)
4. Me skriv til vanleg **e** når det er kort lyd og **æ** når det er lang lyd. Eksempel:
Ola vil legge sæ. (Ola vil legge seg.)
5. I mange tilfelle vil me skrive kva uttalen er.
6. Hægelandsmålet har **bdg** sør for Frivoll, og **ptk** nordafor. Ordsamlinga har oftast eksempel på begge delar. (stud/stut)

Samlinga er bygd opp av ord frå

- hovudoppgåva til Sig Tove Aasen
- Hægelandsboka og Øvrebøboka, III Kultursoga 1967 av Jon Åsen
- årsskrift 1997–2021, Øvrebø Historielag
- ordsamling frå Kile, av Bergny Nilsen, f. Godtfredsen
- ord frå filmar utgjevne av Hægeland Sogelag, kommentert av Osmund Hægeland
- hægelandfolk som me har spurt undervegs i arbeidet

Me kan dele ordsamlinga i tre delar:

- Ein del ord er i bruk, mest blant eldre hægedølar, men også blant yngre.
- Mange ord og uttrykk har gått ut av daglegtalen, men blir forstått.
- Ein stor del ord og uttrykk har gått heilt ut av hægelandsmålet, men er med i samlinga for å vise mangfaldet og historia. Mange ord har døydd fordi me t.d. ikkje gjorder (*jure* på hægelandsmål) lass med *reip* og *hegd* lenger. Nå brukar me strammeband eller jekkestropp i staden.

a	prep.	<i>av. Han datt a kjælken.</i>
abakkeli	adj./adv.	heilt på jordet. <i>De va heilt abakkeli de han sa.</i>
abbelsin/appelsin	subst. m.	appelsin
ageli	adj.	vanskeleg, leitt
ajelt	adj.	sjå avgjeldt
akkedere	v.	forhandle
aksjon	subst. m.	auksjon
allar / aller	adv.	<i>Aldri. Ho fær aller nok.</i>
'an	pron.	<i>han. Dær jenge 'an å slenge.</i>
angboge	subst. m.	olboge, albue

anled/anlet	subst. n.	ansikt, andlet
ansøles	adv.	andsoles = motsols, vende, snu, sende noe mot sola, dvs. mot høgref. <i>Nå senne æ kakefate ansøles.</i>
anvaken	adj.	vaken, slit med å sove
anti over		balleik. Leiken gjekk ut på å kaste liten ball over taket på t.d. dobygget på ein skule. Den som kasta, ropte <i>anti over</i> . Dei som stod på andre sida, skulle ta ballen før han nådde bakken. Den som tok ballen, skulle snike seg rundt hjørnet og <i>stikke</i> ein på det andre laget. Den som blei treft, måtte bli med på laget til den som <i>stakk</i> . Dersom ballen ikkje gjekk over taket, måtte kastaren rope <i>kom ikkje over</i> og prøve på nytt.
areidd	adj.	utskjelt, tilreidd
armboge	adj.	olboge, albue
au	konj.	også
aurbeit	adj.	om gras som er vanskeleg å slå med ljå
aure	subst. m.	ørret
ausså	konj.	også
austare	adv.	lenger mot aust
avensjug, -k	adj.	misunneleg
avgjeldt	adj.	om ku som har slutta å produsere mjølk før kalving. <i>Ho Dagros æ ajelt.</i>
avl	subst.	eldstad til å varme jern i ei smie
bakse	v.	streve med
bakstetrog	subst. n.	trau av tre til å elte deig i. <i>Knøa ligge i tråge.</i>
baksvole	subst. f.	do
baksøles	adv.	ein stad med lite sol. <i>Garen ligge noe baksøles te.</i>
bale	v.	streve med, arbeide med. <i>Å bale du mæ i da?</i>
balbere	v.	barbere
bane	subst. m.	det kjørbare golvet frå banebrua og innover i løa. <i>Kan du gå opp på banen og hente tågane (taua) som henge dær hegda æ?</i>
banebru	subst. f.	låvebru. <i>Me må byte tele/tile i banebruna i år.</i>
barsel	subst.	fødsel (om menneske)
barselgraud	subst. m.	naboar, slekt og venner kom med graut som gåve til den

		nyfødte
barselkone	subst. f.	kvinne under fødsel. Sjå nærkone.
bart	adj.	<i>Dæ va bart i låmane.</i> Dvs. snøen var tina i spora etter kjerrehjula.
basstaue	subst. f.	1. opphavleg eit oppvarma hus til sveittebad, badstue 2. hus til tørking av korn og malt på steinheller dei fyrte under
bede /bete	subst. m.	brødskiye, stykke. <i>Kan æ få ein bede?</i>
beg	subst. f.	i bega = i knipe. <i>Dei va så i bega for å få tak i kjuring.</i>
begredeli	adj.	trise, elendig
begribe	v.	forstå
beidemakk	subst. m.	meitemakk
beinlag	subst. n.	ganglag, måte å gå på. <i>Æ(g) kjente han på beinlage.</i>
beinlei	subst. f.	snarveg. <i>Dei tok beinleia over heia.</i>
beinsam	adj.	grei, snill, hjelpsam
beisk	adj.	vond, ram smak
beiskeli	adj.	veldig, uvanleg stor. <i>Salve va beiskeli svære.</i>
beisel	subst. n.	reim med munnbitt til å styre hesten
beiåll	adj.	råderik / <i>råri</i> , vanskeleg å styre, vanskeleg å rå med (kort å-lyd)
bejë	v.	slutte. <i>Nå må du bejë mæ den skringinga. (trykk på siste staving)</i>
beksømsko	subst. m.	sålen var randsydd saman med overlæret med bekatråd, dvs. tråd som var impregnert med bek for å vere tett
belag	subst. n.	område / nabolag det var skikken å invitere til bryllaup og gravferd
bele	v.	fri til jente
belemre	v.	bry noen med
belestemne	subst. n.	gjestebod der jenta koka graut når forlovinga var godkjent av foreldra på begge sider
belg	subst. m	belg i instrument t.d. trekkspel, smiebelg til å blåse luft inn i avlen
belgrørar	subst. m.	person til å trø eller dra belgen på kyrkjeorgelet før det kom elektriske straum i Hægeland kyrkje
belje	v.	kyr som rautar heile tida, gråte høglytt

belle	v.	raspe, ribbe av lauv til dyrefor
bendel	subst. m.	band av halmstrå kring eit kornband; vidjekvist kring eit lauvkjerv. NB: tonelag 2.
berje	v.	berge, få inn høy el. korn før regnet kjem
besne	v.	bli betre, friskne til
betiss	adv.	i tide
biebede	subst. m.	matbete mellom måltida
binge	subst. m.	1. kasse med lokk til flatbrød, mjøl osv. 2. frådelt plass i eit rom, t.d. potetbinge, grisebinge
binne	v	binde, strikke
bisk	adj.	streng, svarer skarpt
bismer	subst. m.	vekt med eit lodd til å skyve langs ei gradert stong til det blir jamvekt
bisn	subst. f.	oppsikt. <i>Æ va te bisn då æ sa nei.</i>
bitte syn	subst.	bitte lite grann
bjor	subst. m.	bever, jf. stadnamnet Bjorhuskilen
blakk	adj.	farge på hest, vanleg farge på fjordhest
blekkstein	subst. m.	oppreist steinhelle ved åren for å hindre trekk frå døra. jf. å blakre
bles	subst. m.	kvit, eller lys flekk i panna på hest
blosott	subst. m.	blodsott, truleg dysenteri, som både born og eldre døydde av når kornavingane slo feil, så folk måtte blande inn bork, jf. borkebrød
blø	subst. n.	potetgras, jf. potetsvis
bløy	subst. m.	blei, kile av tre eller jern til å kløyve eller til trefelling
bløyre	subst. f.	blemme
bløyte / bløyde	subst. f.	kraftig regn, vått, sumpet terreng. <i>De kom ei kraftig bløyte i jår.</i>
blåberris	subst. m.	blåbærlyng
blåne	v.	når det utviklar seg blåved i furu i varmt, fuktig vær
blåsur	adj.	om mjølk som begynner å surne
blåtøy	subst. n.	blåfarga ulltøy. I eldre tid farga ikkje folk i Setesdalen arbeidskleda i motsetning til folk i bygdene nærare Kristiansand. Setesdølar kalla derfor folk i Hægeland og Øvre-Østrebø <i>blåmenn</i> .

bom (i samband med tømmerfloting)	subst. m.	opptil 12.000 flytande tømmerstokkar med ein ring av samanlenka stokkar rundt. Sjå fleire uttrykk frå tømmerflotinga side 77.
bonne	subst. m.	tresko, jf. trebonne (uttale med o-lyd)
bonning	subst. f.	strikketøy (o-lyd)
bonningstrøye	subst. m.	strikkejakke
borg, kjærkeborg	subst. f.	mur av naturstein rundt ein kyrkjegard
borkebrød	subst. n.	brød med innblanda «mjøl» av bork av furu el. alm
bosbreie	subst. f.	plagget oppå halmen i senga
bott / botte	subst. m.	butt, oftast furustokk, oppkappa til stavskjering
brage	v.	samtale, preike. <i>Nå må du mæ inn å brage et grann.</i>
brande	subst. f.	vedskie, fl. brander
brannjønn	subst. m.	trekanta jernfot til å sette under gryta i åren
breie	v.	spreie utover skårane for å tørke gras til høyr på marka, jf. <i>å venne</i>
breist	subst. m.	brot til å bryte stein med, jf. handspiker til tømmer
brun	subst. f.	bru, jf. gardsnamnet Bruna på Kile
brønne	v.	gje vann til kyr og andre husdyr
brøst	subst. m.	gavl, endevegg på hus
brøysle	adj.	<i>De va brøysle å gå opp ny løype i da. De va så møe snø at de gjekk øve skiane.</i>
bræ	v.	å smelte, tine. <i>Du må bræ smør te fisken i da.</i>
bur	subst. n.	foster, burakyr – ku som går med kalv
burad	adj.	drektig
buskåg	subst. f.	buskog, utmark med størst verdi som beite
bustø	subst. f.	ein stad der hjuringane møttest og stagga buskapane dei gjette. Sjå stagge.
byr	subst. f.	børe. jf. høybyre som er den mengda høy ein bar på ryggen
byretøg	subst. n.	tau til å legge rundt ei byre med høy el. anna
byting	subst. m.	i norsk folketru eit barn av underjordiske (tussar el. hulderfolk) ombytt med eit nyfødd menneskebarn. Jf. Bytingstadknuten søraust for Stemmevann på Kile. Namnet kan også ha samanheng med byttesteinen der.
bytte	subst. n.	grense mellom eigedommar, jf. byttestein

bøde / bøte	v.	stoppe ein sokk, lappe ei bukse, reparere
bøke	subst. m.	eit farleg vette, ofte brukt til å skræme borna med. <i>Pass dæ så ikkje bøken kjæme å te dæ!</i>
bør	subst. f.	børe. jf. høybyre som er den mengda høy ein bar på ryggen
bøs / bøst	adj.	veldig, brutal, hardhendt. <i>De va bøst.</i>
bøtevon	subst. f.	von / utsikt til om at no kan bøtast, reparerast. <i>Æ de bøtevon for denne mopeden?</i>
bøyge / bøyke	v.	leike 1. om dyr som viser brunst og «leiker». Kan også brukast om menneske 2. kalvar og kyr hoppar og sprett ved utslepp om våren
bånjøle	subst. f.	jente som passar småbarn
båndømme	subst. m.	gå i barndommen; vere tusten, dement
da	subst. m.	dag (ein da – da'n – fleire da'e – alle daene)
dabbe a	v.	minke, avta (både om fart, interesse osv.)
dagane i veka	subst.	<i>månd, tysda, onsd, to:sda, fredda, lørda, sønd</i>
daggen	adj.	roleg, sindig, treg
dalemann	subst. m.	setesdølar som gjekk el. kørde gjennom Hægeland til og frå byen. Setesdølane gjekk i ufarga ullklede og sa <i>blåmenn</i> om folk i Hægeland og sørover, for dei farga kleda sine.
dalemannshus	subst. n.	gardar og hus langs vegen der dalemenn kunne kvile, kjøpe øl og kaffi og føre hestane, t.d. Daleheptet og Fri-voll.
dalemannslas	subst. n.	lass med ymse slag varer som blei køyrt frå byen eller Mosby til Kile
dalevegen	subst. m.	vegen frå Kristiansand – Kile (opprusta til 18 fot breidde mellom grøftene kring 1840)
dass	subst. n.	do
dasse	v.	drive dank, gå omkring utan å gjere noe
dauer	subst. m.	måltid mellom morrabeten og middag
dekken	subst. n.	golvteppe, dekken på hest
den hin	pron.	den andre
dese	adj.	veldig kald
desten	adj.	sprek, i vigør. <i>Han æ lige desten.</i>
dike	subst. n.	1. gjørmehol

		2. voll av jord og stein for å demme opp vann, hindre flaum. Jf. holdike
don	subst. f.	dur, larm (o-lyd)
dravle	subst. m.	1. matrett av sprengt/løyppt mjølk, særleg ostemassen 2. eit slag ost av innkokt mjølk/myse, jf. løybing
dredvellen	adj.	om tøy, klede og andre ting som lett blir skittent. <i>Denne sjurta æ for dredvellen te å bruke i fjose.</i>
drikketro	subst. f.	kar av stein, tre eller betong til vann. Det stod slike langs vegane for å brønne hestane. Sjå brønne. Vannet rann i trerenne eller røyr frå bekk eller oppkomme.
drusteli	adj.	stor, før, kjekk. <i>Ho æ ei drusteli jente.</i> D.v.s. ei jente det er mykje med. Kunne også brukast negativt.
dryge	v.	vente, ta tid. <i>Du må dryge med å svare.</i>
drætte	sust. f.	drag, dragtre, skåk fl. skjæker, skokle på plog og harv
drøn	subst. n.	drønn, høg lyd
dråg	subst. f.	låg slede med tremeiar til å køyre stein
dråg	subst. n.	om vanskeleg person. <i>Du, ditt dråg!</i>
dug	subst. m.	teig, jordstykke, duk. Jf. Dukan på Kile og Dugan i Røyknes.
dugannes	v.	dugande, (presens partisipp av å duge) flink, nyttig. <i>Han he ei dugannes kjærring.</i>
duste	v.	kjæle, kline. <i>Ho va så dustegalen. Me dusta i hob då me va onge.</i> Jf. å skjemte
dynna /dønna	subst. f.	døra. <i>Dei let dynna stå å gabe.</i> = stå open
dykke	pron.	<i>dykk. Æ så dykke i kjærka i da.</i>
dæ /dæg	pron.	deg
dækken	subst. n.	sjå dekken
då	adv.	då / da
dådår	subst.n.	varsel om død. Mørk advent varsla mange dødsfall.
eingrann, eigrann, etgrann	adj. adv.	1. litt. <i>De æ eingrann misnøye me de orføraren sa ijår.</i> 2. litt. <i>Vil du vente etgrann, æ må på do.</i>
einsles	adv.	<i>Gjenge du einsles?</i> dvs. utan anna ærend
eggest	v.	erte opp kvarandre
egle	v.	yppe til strid
eie	adj.	ekte, erke. <i>Han æ et eie beist.</i>
einbølt	adj.	einsam, gard med berre ein bustad, av norrønt ból

einsleis	adv.	eine og åleine
eintom	adv.	utan b�r eller lass. <i>D� æ lett n�r ein g�r eintom.</i>
eitrannes	adv.	forsterkande ord. <i>Ho blei eitrannes sinna.</i> nyn. eitrande
eke	v.	flytte seg. <i>Han ekte s� innp� henne.</i>
ekko / ekk�	pron.	einkvan. <i>Der va ekk� som sa noe.</i> eitkvart. <i>Han sa ekk�, men �g skj�nte d�' kje.</i>
ekkoless	adv.	p� ein eller annan m�te. <i>Han jorde de ekk�lles slik.</i>
ekkoplass	adv.	ein eller annan stad. <i>Ho he g�ymt s� ekk�plass.</i>
ekkoti	adv.	ein eller annan gong. <i>� vakna ekkoti ij�r n�tt.</i>
ekse	v.	hisse opp
eldhus	subst. n.	tilbygg til setehuset, el. eige hus, jf. grovkj�kken no, til flatbr�baking, vasking og arbeid i samband med slakting
elles / helles	adv.	eller s�. <i>Kom her, elles s�</i>
elte	v.	forf�lgje. <i>Han elta ho ne bakken.</i>
emje	v.	gn�le. <i>Han emja om � f� l�ne penge.</i>
ense	v.	legge merke til. <i>Han ensa de ikkje.</i>
ete	v.	ete. <i>I da he me ete graut.</i>
ete i kov	v.	<i>� ete s� fort at � nesten komne.</i> (kvelest)
ette	adv.	spare etter noe (trykk p� ette). <i>Han hadde ikkje noe ette.</i>
ettedralt	subst. m.	ein person som er treg
etterakst	subst. m.	etterrakst, h�y som ligg att etter h�ykj�ring, ogs� om arbeidet med � rake opp dette h�yet
eveli	adj.	uendeleg
evelaust	adv.	veldig. <i>De � evelaust lenge sia.</i>
evle ut	v.	slite ut
fasle	subst. f.	skjerf / trekantt�rkle til � binde opp armen
fattifornem	adj.	vil vere fin, men er det ikkje / gjer seg fin
fesle	subst. n.	klut, bandasje p� s�r. <i>� he fesle p� tommelen i da.</i>
fesle	v.	legge p� bandasje
fiffe s�	v.	pynte seg
fingrane (har namn i fleire variantar)	subst. m.	1. <i>Tumetykk, Slikkumbytt, Langemann, Lillebrand, Lille-Petter-Jensen-Spelemann.</i> 2. <i>Tommeltott, Slikkepott, Langemann, Gullebrann, Lille</i>

		<i>Petter Spellemann.</i>
fitte	subst. f.	skjede, vulva, kvinneleg kjønnsorgan
fjos	subst. n	fjøs
fjose	v.	slurve. <i>Han fjo:sa arbeie frå sæ.</i>
fjosen	adj.	lite grundig, slurven
fjæsen	adj.	å vere fin på det. <i>Ho va så fjæsen at ho ville ikkje gå i fjo-se.</i>
flane	v.	fly rundt omkring
fledføre / fletføre	v.	gje alt ein eig til noen mot å bli forsørga resten av livet. <i>Jens fledførte sæ hos Kari å Ola på nabogaren.</i>
fli	v.	reingjere, ordne
fli mæ	v.	gje meg / send meg. <i>Vil du fli mæ knøåsten?</i>
fløtar	subst. m.	tømmerfløyta, jf. flotarhake, flotarbåt
fløte	v.	fløyte tømmer (last) på elv og vann
fløting	subst. f.	tømmerfløyting (fløting er eigentleg å få til å flyte)
flukst	adv.	plutseleg, overraskande. <i>Han kām flukst inn te mæ.</i>
flus / flust	adv./adj.	tilstrekkeleg, til overmål, ha nok av. <i>Me he flu:st a korn i år. Der var flu:st opp a mad.</i>
flyge	v. / adj.	om ku i brunst. <i>Nå flyge Dagros.</i> Jf. springe
flæb	subst. m.	tull og tøys. <i>Du æ ein flæb. Du preke flæb.</i>
flæbe	v.	1. gråte, 2. å tale tøys og tøv
fløy	subst. f	1. tynt trestykke, 70–80 cm langt, til å snu lefse- og flatbrødleivar med på bakstebordet og takka / hella 2. bygning som bind saman setehus og uthus
fløyel	subst. m.	reiskap til å treske, der dei la kornbanda på golvet i treskelåven og slo laus kornet. NB: tonelag 2. som i <i>liten</i> .
flåt	subst. n.	feitt i panna etter steiking med smør. <i>Ta litt flåt på potet-sane.</i>
fnatt	subst. m.	1. skabb (hudsjukdom med kløe) 2. få fnatt av = få kløe av = svært irriterande
føg	subst.	i fog = stressa. <i>Ho va så i fåg, for å nå fram tissnok.</i>
føge	v.	stappe. <i>Ho føga mårr</i> , dvs. stappa kjøttdeig i pølseskinn.
follau	subst. n.	kår, føderåd bygd på skriftleg follaugskontrakt, <i>ta fálloug el. gje sæ i fállou.</i> Jf. fletføring.
forbaska	adj.	jf. fordansa. <i>De æ fårbaska tongt føre i da.</i> (kraftuttrykk)

forbi	adj.	veldig trøyt el. sjuk. <i>Æ va heilt fårbi iårkvell.</i>
fordansa	adj.	ille, veldig ugreitt, jf. forbaska (kraftuttrykk)
fore (o-lyd)	sust. f.	furu, fure (om treet)
forgjort	adj.	når noe går på tverke: <i>De va som fårjort at glase sprakk.</i> Noen sa <i>fårjoria</i> med same meining.
forkilt	adj.	lei av, plaga. <i>Æ va så fårkilt a varmen iår.</i>
forskrekkeleg	adj.	forskrekkeleg, veldig. <i>De va fårskrækkeli spetakkel då reven kâm inn i hønsehuse.</i>
forstå	v.	<i>fårstene du å æ seie?</i>
fosstau	subst. f.	1. gang, forstue. <i>Ho sto i fosstaua.</i> 2. fosstau føre. <i>De va kje fosstau føre.</i> Om person som talar hemningslaust / utan å tenke seg om.
fryse	v.	<i>Æ fryse sånn på fødana nå.</i>
frøu	subst. n.	skum på mjølk, øl osv. Jf. fråde
fu	subst. f.	rumpe, bak (på menneske)
fye /fyje	v.	følgje. <i>Ska du fyje i gravfera?</i>
fylle	subst. f.	oppblåsen mage, kolikk
fysst	konj./ adv.	dersom, når, når først. <i>Fysst du æ her, kan du hjelpe mæ. Ola gjekk fysst i ljåslåtten.</i>
fæl te	adj.	flink, positiv omtale. <i>Han æ fæl te å grave grøft.</i>
fæl te	adj.	fæl i negativ meining. <i>Han æ fæl te å drikke.</i>
færi	adj.	ferdig. <i>Æ du færi?</i>
færj / ferg	subst.	vekt/ballast til å presse eit la av never til takteking, vekt på silo
færje	v.	legge press på, legg på press
fødane / føtane	subst. m.	føtene
fårbi	adj.	jf. forbi
fårdansa	adj.	jf. fordansa
fårstå	v.	jf. forstå
galneskap	subst. m.	galningskap, overdriven moro og fjas
galtestøkk	subst. m.	plutseleg skrekk som umotivert kjem over svin, panisk redsel

gammelsli	adj.	gammalsleg
gabe / gape	v.	rope høgt, skvaldre. <i>Slutt å gabe te mæ!</i>
gangklee	subst.	klede: bukse og skjorte osv. <i>Gangklea gjekk mæ i brannen.</i>
gasta	adj.	sterk, prektig. <i>Ola æ ein gasta kar.</i>
gaste	v. subst. m.	te seg som ein gast, ustyrleg, vere vill og larmande. I folketrua er <i>gasten</i> ein gjengangar som har flytta bytte og ikkje får fred før noen set byttesteinen tilbake.
gaule	v.	hyle, tute, gråte med høg lyd.
gein	subst. f.	på skrå, sidelengs. <i>Kjælken skar ut å kom på jeina.</i>
geine	v.	fare ut til sida. <i>Dæ va så glatt at æ jeina ut i grøfta.</i>
gillsli	adj.	gild, godsleg, hyggeleg veremåte. <i>Han æ så jillsli å grei.</i>
gjede / gjete	adv.	gjetord, omtale. <i>Æ he høyrte jete at du va sjuk.</i> Sjå jete.
gjelgje	subs. f.	stokk over åren til å henge skåra til gryta i (skåre=skjerding), jf. trappeskåre
gje <u>te</u>	v.	finne seg i. <i>Han måtte je te at dei lo a han.</i>
gjete	adv.	gjete, gjetord, omtale. <i>Æ he høyrte jete at du va sjuk.</i>
gjev	subst. n.	fôring (måltid). <i>Kjyrane må ha enda etjev.</i>
gjure	v.	spenne fast med reip eller kjetting. <i>Me jurte lasse.</i> Les meir side 82.
gjøle	v.	rose, oppmuntre (også for å oppnå noe, få fordelar etterpå)
gjølvoren	adj.	let seg påverke av gjøling, skryt, smiger
glepse i sæ	v.	glefse, ete fort, sluke i seg
glikke	v.	slå feil, svikte, ta feil. <i>Æ glikka på veien te hytta.</i>
glipe	v.	gripe med munnen, sluke
globoid	subst. m.	tablett med acetylsalisylsyre, smertedempande i medikament i handelen frå 1913 til 2014. Var i alle heimar.
glutt	subst. m.	glytt, smal opning ein kan sjå noe bak, jf. Klomra på veg opp til Lie.
glutte	v.	gløtte, opne, lage opning ein kan sjå gjennom
gløgg	adj.	brydd. Ola Hogganfeda sa til ein gjest då dei skulle til bords: <i>Du må kje vere gløgge om æg bejé noe tili. Æg ed' ikkje møe nå.</i>
glåbe /glåpe	v.	stirre. <i>Stå kje dær å glåpe!</i>
gnasse	subst. m.	rik mann. <i>Han æ ein rige gnasse.</i>

gnien	adj.	gjerrig
gnure	v.	gni sund, knuse. <i>Ho gnura blæbærane me sjei.</i>
gnuste	adj.	om veret når det blæs opp til uver
gnæen	adj.	sur, kald. <i>Dæ va ein gnæen vinn (vind).</i>
godd	særnamn	gud som kraftuttrykk: <i>Å gådd så fint!</i>
gojøres	v.	godgjerast, særleg om å ligge og kose seg i senga om morgonen
gonge	subst. f.	ei vandring til fots, måte å gå på. <i>De æ ein times gånge opp te fiskevanne. Han va ustødi i gånge.</i>
Gonil	særnamn	Gunhild. <i>Du æ møe bære enn Gånill.</i>
gorpe	v.	rape. <i>Du må 'kje gårpe ve bore!</i>
gosli	adj.	triveleg. <i>Jens æ ein gosli kar.</i>
grapse	v.	rive til seg, fare uvørent fram, ete på ufin måte
grase / grasse	v.	luke vekk ugras
grausa	adj.	knust. <i>Kjøp to pakke grausa tomate på butikken!</i>
grause	v.	knuse, smuldre
grauttvore	subst. f.	sjå tvore. <i>Å springe grauttvore</i> var å springe med grauttvora tre gonger rundt huset julekvelden og sjå kven ein skulle gifte seg med. Ein mann på Ropstad gjorde det og møtte tenestjenta. Dei gifta seg.
gren	subst. f.	gran. <i>Me planta gren ein da då me gjekk i 7. klasse.</i>
gren	subst. n.	hi, f.eks. revegren, altså her eit revehi
grenje	adj.	surt og grenje ver, ruskever
gresk	adj.	lystig. <i>Spelemannen va a dæ greskare slage.</i>
grine	v.	gråte
griug / griåg	adj.	vere tidleg ute med noe. <i>Du æ griu i da.</i>
gro, groen	subst. m.	barnelærdom om bibelhistorie, kristenlære, salmar som barna lærte utanåt – grunnlag for kristentrua
grom	adj.	fin, gild/flott
gron	subst. f.	brødmatt
grån	subst. f.	gran. <i>Æ må hågge ei lita grån te juletre. Jf. gren.</i>
gulrotblø	subst. n.	blø = graset på gulrot, jf. potetblø
gå / gjekk	verb	orgasme, det gjekk for ho/han

gå	v.	legge merke til. <i>Æ gådde ikkje at du kåmm inn.</i>
gålaus	adj.	tankelaus, distré, uoppmerksam
gån	subst. n.	garn til strikking, jf. net til fising
gårr	subst. n.	søle, skitt
gårr	adv.	veldig: gårrsvolten, gårrtrøytt
gått	subst. m.	gått, nede i dør- /vinduskarmen. <i>De va is i dørgåtten.</i>
hakkels	subst. f.	oppkutta halm til dyrefôr, jf. hakkelsmaskin
hale veg!	subst. m.	halv veg, eit utrop når køyrekarar møttest der det var smal veg. Dei som køyrde i motbakke, hadde ikkje alltid lyst til å køyre ut. Det kunne ende i krangel og slagsmål.
hamli	adj.	skikkeleg. <i>Du må oppføre dæ hamli i kjærka. Å være hamli kledd.</i>
hamske	v.	rydde, gjere reint, jf. hamskeli og uhamskelig
hamskeli	adj.	reint, pynta
handspiker	subst. m.	staur / brot til å bryte last (tømmer) med, jf. brest til å bryte stein. jf. spag
hanses	pron.	hans / han sin. <i>De æ hanses bil.</i>
harli	adv.	ganske, temmeleg. <i>Han slo sæg harli i fua.</i> Jf. herli.
ha te gode	v.	til gode, ha pengar til gode, jf. ha til gode (ha fordel av)
hausen	adj.	vill, upassande, vågal
hegd	subst. f.	dropeforma løkke av tre el. jern i enden av byretau el. reip til å gjure lass el. ta rundt ei bør. Sjå gjure. Les om å bruke hegd side 82.
hekle	subst. f.	el. linhekle, reiskap til å rive ut fibrar frå linstengelen etter bråking av linstengelen (bråke = knuse)
heiemon	subst. f.	om samanheng med høgda når det gjeld snøfall
heim	subst. m.	mange yngre seier hjem. Frå aviser og kommunale dokument har me fått <i>hjemmesykepleie</i> og liknande ord.
hele	subst. m.	rim (på marka)
helebråe	subst. m.	regn som brær helen. Låg det rim på marka ein vårdag, sa dei: <i>Me fær snart helebråe.</i>
heljeli	adj.	voldsomt, uhorveleg. <i>Han datt heljeli stygt.</i>
helle	subst. f.	steinhelle
helle	subst. f.	band av vidjespenning til å feste mellom framføtene på ein hest for at han berre kunne ta korte steg når slätte-

		folka kvilte
hellå	adv.	elles, også
hendig	adj.	flink med hendene, hendt
henge på kjelen	v.	koke kaffi, uttrykk frå tida med open eld i åren/grua, då gryter og kjelar hang i skjerdingen
herli	adv.	veldig. <i>Han slo sæ hærliq møe.</i>
herred	subst. n.	herad / herred = kommune no. Landet blei inndelt i formannskapsdistrikt då me fekk formannskapslovene i 1837. I 1863 blei namnet herad / herred. Det har gjeve mange samansette ord som gjekk ut av bruk frå 1964: herredsstyre, herredsstyremedlem, herredsskogmeister o.fl. Namnet Herredshuset / Hægeland herredshus er stadig daglegtale.
hevje	v.	bere noe som er tungt
hi	pron.	den andre. <i>Han bur på hi sia a åna.</i>
hid / hit	subst. f.	skinnsekk til mjøl
himla	adj.	veldig. <i>Ho æ himla lat.</i>
hogst	subst. f.	hogst, arbeidet med å felle tre til ved eller last. (håkst)
hogst	subst. m.	1. hogst, arbeidet med å felle tre til ved eller last. <i>Æ du alt færi me vehåksten?</i> 2. ein stad det det er / har vore skogsdrift
hogstkjerring	subst. f.	skikk med at ein ungkar som hogg med øks 3. juledagsmorgon, skulle få til kone den første framande kvinna som kom inn i huset
hoiste	v.	rope, gaule <i>Han håista te mæ.</i>
hol	adj.	med gjennomgåande hol. – <i>Æ tråen hol? spurde ein mann som fekk montert telefon. – Nei, svara montøren. – Då kan de ikkje nytte.</i>
holdike	subst. n.	stikkrenne under ein veg, steingrøft, lukka dreneringsgrøft på dyrkamark
hongri	adj.	hungrid, svolten
honsk	adv.	hardt. <i>Æg arbeidde honsk heile dan. (Lang o)</i>
hosses	pron.	hennes. <i>Me så at hosses bil lå i grøfta.</i>
hud	subst. f.	hulder
hue	subst. f.	lue
huga	adj.	huga på lyst på <i>Ho va ho:ga på no' gott. (godt)</i>
hun	subst.f	det første ein skjer av tømmerstokken for å få ei blokk

huneved	subst. m.	avfallsved av hun, mykje brukt ved flatbrødbaking
hysste	v.	kaste ball el. terningar
hæ?	pron.	kva? Jf. å sa du?
hægedøl	subst. m.	om person frå "gamle" Hægeland kommune. <i>Æ møtte to hægedøle i Oslo.</i>
Hægeland	særnamn	namn på gard, kommune og kyrkjesokn. "Fagfolk hevdar at fyrste lekken i namnet er adj. <i>heilagr</i> , og tyder på at staden har vore knytt til heiden gudsdyrking. Frå gammalt skulle då gardsnamnet vere <i>Helgaland</i> ," skriv Jon Åsen i <i>Hægelandsboka, Gard og ætt</i> . Frå 1837 var Hægeland og Vennesla ein del av Øvrebø formannskapsdistrikt. Vennesla blei skilt ut til eigen kommune i 1865, og den delen som var att, fekk namnet Øvrebø og Hægeland kommune. Ved ny deling i 1896 blei både Øvrebø og Hægeland egne kommunar. Hægeland var eigen kommune fram til samanslåinga av alle tre i 1964.
hær	adv.	her, her hos meg
hømsken	adj.	hissig, vond. <i>Han æ så hømsken å vonn at.</i>
hø?	pron.	kva? (kva sa du?)
hør	subs. f.	skulder
hørskinn	subst.	el. ryggskinn, eit skinn med hol til hovudet, brukt som regnklede
hyr og heim	adj.	borti natta. <i>Dæ va borti hyr å heim de han sa.</i>
høgelåpt	subst. n.	3. høgda i eit hus. <i>Me la juleynten på høgelåpte.</i>
høye	v.	bere/køyre høy til stakk eller løe, jf. høyonn
håb	interjeksjon	kommando til hest om å gå bakover: <i>håb, håb, håb</i> . 1. for å få hesten til å gå bakover inn i drettane 2. for å bakke, rygge med lass, eller for å løyse vreisten
håball	subst. m.	tid mellom vår- og slåttonn. <i>Hesten får kvile i håballen.</i>
håkst	subst. m.	sjå hogst
håbe	v.	bakke, rygge med hest (revers), jf. kommandoordet <i>håb</i>
hånnnes	v.	handhelse. <i>Me må hånnnes i da.</i>
hås	adj.	hås, sår hals
håste	adv.	i meste laget. <i>Dæ va håste/håsta møe.</i>
håve	subst. n.	hovud. <i>Ho slo sæ stykkt i håve.</i>
i alle dae	interjeksjon	oi, du store, uttrykk om overrasking

i beg	subst. f.	i knipe
i drækt		interessert i, opptatt av
i fåge		travel, stressa situasjon
ijår		i går. <i>Me reiste te byen ijår.</i>
i jårkvell		i går kveld
i jårmåra		i går morgon
ikkje nå <u>tess</u>		ikkje bra, om helsetilstand eller personlege eigenskapar
ikkje nå å <u>hyse på</u>		ikkje noe å ta vare på
ikonn	subst. n.	ekorn
ikonntapp	subst. m.	drope av kvae som barna togg som tyggegummi
ikkotid	adv.	sjå ekkotid
illri	subst. f.	kort bøye med t.d. snøføyke
inkjevætta	adj.	om noko utan verdi, ikkje noe særleg
jamn – jamt	adj.	jamn (bm. jevn), om slett overflate. <i>Veien æ jamn mæ et jamt la a sann øfst.</i>
jamt	adv.	jamt (bm. jevnt). <i>Strø jamt. De he ringna jamt i da.</i>
jamne	v.	jamne (bm. jevne), om å lage slett overflate, jamne ut
jeine	v.	fare ut til sida. Dæ va så glatt at æg jeina ut/ud i grøfta.
jeiskeli	adj. /adv	1. med slengande armar og bein, uryddig 2. forsterkande: <i>jeiskeli sinna</i>
jenidi	adj.	iherdig, god til å slå seg fram
jeppe pinne	v.	barneleik
jete	adv.	sjå gjete
je <u>te</u>	v.	sjå gje <u>te</u>
jillsli	adj.	sjå gillsli
jinsk	adj.	<i>gild, gjæv. Dæ va ei jinsk jente. Han he fenge sæ jinske hus nå.</i>
jore	subst. m	ljore, opning / røykhol i taket over åren
julekveld	subst. m.	julekveld / julaften. Julaften er mest vanleg seiemåte nå.
juleloge	subst. m.	bål julaftan. Juleloge er ein særeigen tradisjon for Hæ-geland, dokumentert tilbake til ca. 1850. Kvar gard hadde sin faste plass.

juletavle	subst. f.	plakat/tavle med bibelske motiv som hang oppe til tret-tande dag jul
jur	subst. f.	tønneband av hassel, taug eller jernband. Jf. jure
jure	v.	sjå gjure
jussom	subjunk/ konj.	liksom
just	adv.	nettopp. <i>Æ så han just.</i>
jælje / jelje	subst. f.	sjå gjelgje
jøle	v.	sjå gjøle
jølvoren	adj.	let seg påverke av gjøling, skryt, smiger
kante	v.	velte i koll
kare	subst. f.	karde, reiskap til å karde ull til å spinne garn
kare	v.	1. rive opp, karde ull til tullar å spinne garn av 2. kare til seg, rive til seg før andre
kasen	adj.	trøytt, uopplagt, el. kanskje litt doven
kaste (om is på vann)	v.	<i>Nå he de kasta på fjoren, men isen æ'kje gå'an ennå. Han ligge i / mæ mein.</i> Jf. snerke
kasteskolp	subst. m.	skuffe (som eit feiebrett) av tre til å drøfte / kaste korn for å reinse vekk lett-korn og agner. Dei kasta på eit tett låvegolv. Det gode kornet gjekk lengst innover, medan lett-korn og agner fall fort ned. Jf. å drøfte ei sak – sortere, argumentere / for og imot.
kautig	adj.	kry, med hovudet høgt heva. <i>Du treng ikkje vere så kautti!</i>
kikkar	subst. m.	folk som sit på trevet (galleriet) for å sjå vigselen av brudepar
kil	subst. m.	bukt, vik. Ærekilen, Hundskilen, Sauekilen, Tussekilen.
kinne	subst. f.	reiskap til å kinne/kjerne smør av rømme. Det var to ty-par, stavkinne og sveivekinne.
kinnemjolk	subst. f.	saup, kjernemjolk, biprodukt etter kinning. Saup kunne blandast med vann til syrleg drikke, eller brukast i matlaginga.
kjase	v.	snakke, preike. <i>Ola æ fæl te å kjase.</i>
kjasse	subst. m.	noe/noen som er ufyseleg. <i>Han va rekti ein kjasse. Dæ va et kjasse føre.</i>
kjasseli	adj.	ufyseleg. <i>Dæ æ kjasseli me muselort i mjøle. = krekseli.</i>
kjemme	v.	bruke riva til å legge høyrå mest muleg same veg for å henge saman som ei børe bort til høystakken eller løa

kjemme	subst. f.	ei børe med høy som er kjemma saman
kjesken	adj.	lyst på. <i>Ho va så kjesken på søtt.</i>
kjikkar	subst. m.	sjå kikkar
kjinne	subst. f.	sjå kinne
kjinnemjelk	subst. f.	sjå kinnemjelk
kjose	v.	kviskre / småprate
kjukken, tjukken	adj.	gravid, bli/vere med barn. <i>Ho æ på kjukken.</i>
kjuring	subst. m.	hjuring, gjetar, jf. nynorsk hyrding. <i>Ho va kjuring på Robsta.</i>
kjusseli	adj.	ugrei/ugreitt. Jf. tusteli
kjyde / kjyte	v.	skryte
kjøregar	subs. m.	kyrkjegard, av gno. <i>kyrr</i> som tyder roleg, fredeleg, stille. Ordet <i>kyrr</i> lever i den norske kongerekka. Olav Haraldsson Kyrre var konge 1067–93. Han var roleg og fredsel.
kjørke	subst. f.	kyrkje. Jf. Kjørkebrotet, vegen frå Hægeland kyrkje ned til Hægelandssletta og riksveg 9.
kjørkebårg	subst. f.	sjå borg og steingjerde
kjørkekyr	subst. f.	kyrkjeku. Norske kyrkjer fekk inntekter ved å leigde ut kyr til bønder. I 1662 leigde Hægeland kyrkje ut 9 kyr.
kjørr	adj.	1. sjå tjørr = tørr. <i>Høye æ kjørt nå.</i> 2. stille, kjedeleg. <i>De æ så kjørt å gå tur åleine.</i>
klake	subst. m.	frossen jord / myr. <i>Me køyrde på klaken.</i> Jf. tele
klodre	v.	vere klosset, famlande, uforsiktig i rørslene med hender og føter. <i>Han sto dær å klådra.</i>
klomren	adj.	ikkje flink til å stelle med og/eller reparere småting
klopp	subst. f.	lita bru bygd av tre
kloppe	v.	legge runde eller kløyvde trestokkar på blaute myrparti for å få køyreveg. Jf. Klappane og Kloppansvingen. Sjå tranle.
klåmre	subst. f.	trong passasje. Jf. Klomra i Øvrebø.
klåppe	v.	sjå kloppe
knagg	subst. m.	1. oppheng på veggen til klede el. reiskap 2. handtak på ljàorvet
knaure	v.	gråte klagande. <i>Ho knaurte å grein. Han æ så knauren.</i>
kneist	subst. m.	gnist t.d. frå eit bål

kneiste	v.	gnistre
kneiste sæ(g)	v.	friskne til, stramme seg opp, framheve seg
kneisten	adj.	livleg
knege / kneke	v.	stryke seg innpå. <i>Katten knege sæ innpå mæ å vil ha mad.</i>
knegen / kneken	adj.	1. vil komme nær. <i>Ho va så knegen i jårkvell.</i> 2. gjerrig, jf. nadig
knud / knut	subst. m.	høgdedrag fjelltopp, jf. Bytingstadknuten på Kile og Robstadknuten.
knøåst	subst. m.	ost laga av syrna skummamjølkk. I Øyna produserte dei knøost og leverte til butikkane på Kile. Knøost liknar litt på gammalost. <i>Me må kjøpe meir knøåst i da.</i>
ko	adv.	ikkje bare / berre. <i>Dæ va kje ko åkke som kom.</i>
kodde	subst. f.	pungen og testiklane, jf. ein kødd og å kødde
koksbu	subst. f.	lager for koks til gruvedrifta i Setedalen. Før jernbanen kom i 1896, var det koks-buer ved Torve brygge på Mosby og ved Koks-bubakken på Kile.
komne	v.	sjå kovne
korv / kurv	subst. m.	blodpølse
koter	subst. n.	kvarter. Gamle folk sa <i>et koter i ølløu.</i> (kvart på elleve)
knulle	v.	ha samleie
koss / kossen	spørjeord	korleis
kost	subs. m.	1. vedkost el. brandekost, la eller stabel med vedbrandar 2. gjødselkost til å sope mitting (gjødsel) i fjøs og stall
kovne / komne	v.	få pustevanskar, kvelast. <i>Æ tru æ kãmne a heten i da.</i>
krettur	subst. n.	krøtter, kreatur (av latin creatum = skapning), storfe (kyr) og småfe (sau og geit). I Hægeland er ordet mest brukt om storfe.
kriug	adj.	livleg
kross	subst. m.	kors, kryss, jf. Hægelandskrossen
krosskaste	v.	legge beina over kvarandre når ein svingar på skeiser
krupseli(g)	adj.	om ein stad som er trong, uryddig eller full av rot
kruslen	adj.	skranten, ikkje frisk
kræv	adj.	sprek, livskraftig. <i>Båne æ så krævt at.</i>
krøyste	v.	krølle saman

kråss	subst. m.	sjå kross
kuk	subst. m.	penis, mannleg kjønnsorgan
kurv	subst. m.	sjå korv
kuse	subst. f.	skjede, vulva, kvinneleg kjønnsorgan
kveine	subst. f.	ingjerda jordstykke til buskapen om natta, Jf. ei kve
kveldsripta	subst. f.	økta frå 17 til 19 i sommarhalvåret med vår-, slått- og haustonn
kveldsvævd	adj.	ein som blir tidleg trøytt om kvelden
kverv	adj.	kvikk, opplagt. <i>Æg blei så kverv etter kaffien.</i>
kvinn	subst. f.	kvern, (innekvern el. utekvern = bekkkvern)
kvinnkall	subst. m.	vertikal turbin til å drive oversteinen på kvern med vasskraft
kylle	v.	beskjere frukttre, kutte, skjere av toppen / det ytste av greiner til dyrefor
kyr	subst. f.	ku. ei kyr – kyra – kyre – kyrane
kå	spørjeord	kva. <i>Kå seie du? Jf. Å seie du?</i>
kåffår	spørjeord	kvifor kva for ein/ei/eit/nokon
kåmar	subst. m.	do, også kalla veslehuset, baksvola, vannhuset
kåmne	v.	sjå kovne
kårv	subst. m.	sjå korv
kåss / kåssen	spørjeord	korleis
la korn	v.	bere el. køyre inn kornband og legge i la på låven
la	subst. n.	stabel av ved, tønnestav eller kornband lagt i la
lag	subst. n.	laget = vinkelen mellom ljåen og ned mot marka
lagetre	susbst. n.	reiskap av tre til å bøye ljåen i høveleg vinkel mellom orvet og ned mot bakken
last	subst. f.	tømmerstokk (til floting el. å skjere plank eller stav av)
laue	v.	lauge, bade, jf. laurdag = laugardag
legge på	v.	fø opp, t.d. ein kalv til ku. <i>Vil du legge på eller slakte kalven?</i> Sjå segna om huldrekyr side 80.
leikse	v.	å leike seg, jf. skjemte.
leist	subst. m.	1. mal av tre til å lage sko 2. jernleist til anlegg når ein plugga sko

lekke	subst. f.	lenke, t.d. bomlekketil bruk under tømmerfloting
lekkeblome	subst. m.	el. lekkeblomst, løvetann
lesar	subst. m.	kristen. <i>Ho æ blee lesar nå, å gjeng 'kje på dans.</i>
lest	v.	late som
libbe	subst. m.	sau
likferd	subst. f.	gravferd
lime	subst. m.	feiekost laga av bjørkekvistar. Jf. sopelime
linbråke	subst. m.	el. bråke, reiskap til å knuse linstråa for å fjerne det vedaktige i stengelen, slik at ein kunne frigjere fibrar til å spinne av. Sjå hekle.
linerma	adj.	i skjorteermane (utan jakke). Linskjorte før bomulla kom.
livgjur	subst. f.	livgjord, belte
livjur	subst. f.	sjå livgjur
ljore	subst. m	opning / røykhol i taket over åren
lon	subst. f.	utvida del av bekk/elv der vannet renn sakte. Gardsnamnet Lonan på Beinestveit, kan ha samanheng med ei lon.
lopt	subst. n.	loft, 2. høgda i eit hus. Jf. høgelåpt = 3. høgda.
lukt / luks	adv.	beint, direkte. <i>Han ramla lokt ne i håle.</i> (holet)
lute opp	v,	dele opp
lyft	subst. n.	tung stein som ein sterk mann hadde løfta ein gong
lyt	v.	få lov. <i>Ja, du lyt de. 2. må. Du lyt gå nå.</i>
lø	v.	legge tønnevar skrått oppå kvarandre til tørk. Sjå platte.
løpse	subst. f.	lefse
løpsetøyren	subst. m.	kakelinna, om ein mildversperiode, ofte i desember
løybe / løype	v.	sprengemjølk, sjå støkke
løybing / løyping	subst. m.	ost og myse etter at mjølka var støkt (sprengt)
låge	subst. m.	loge, eld. Sjå juleloge.
låk	subst. n.	lokk. <i>Låke satt fast.</i>
lâm	subst.	1. skispor, løype 2. gjeremåte, praksis. <i>Jens la opp låma.</i>
låpt	subst. n.	sjå lopt
mad / mat	subst. m.	mat

mangletre	subst. n.	reiskap til å rulle tøy i staden for å stryke
masti	adj.	mektig, uredd. <i>Maren jormor va ei masti dame.</i>
maule	v.	ete berre pålegg, ete t.d. kjøtt men utan poteter til
me	prep.	ved, attmed. <i>Nese ligg me Langevann.</i>
mein	subst. n.	om usikker is. <i>De va is me mein.</i>
meinis	subst. m.	usikker is
meinsbjør	subst.	flis av tørr hud i neglekanten, øm og hektar seg i "alt"
middagsripta	subst. f.	økta frå 9.30 til 12.00 i sommarhalvåret med vår-, slått- og haustonn
mjelk	subst. f.	mjølk. Dei yngre seier melk
mjelke / molke	v.	mjølke. <i>å mjelke – mjelke – målka – he målka</i>
mjelkesil / molkesil	subst. m.	ved handmjølkking slo dei mjølka gjennom ein sil med silvatt for å sile vekk kuhår, fluger og klumpar av møkk. Sjå silvatt.
melkespann / mjelkespann	subst.n.	spann med leverandørnummer for å sende mjølk med mjølkebilen til meieriet (før det blei tankhenting)
møle	subst. m.	bete, smule, stykke. <i>Finn mæ et par bormòlar te å lage foglebur.</i>
molke	v.	mjølke. <i>Hægedøle målke mjelk / melk.</i>
morr	subst. m.	kjøttpølse. <i>He du laga mårr?</i>
mue	v.	rake saman høyt til raningar og så skyve saman til muer (såter)
mue	subst. f.	såte, dunge av høyt for å unngå nattedogg ved tørking på marka
mæt	adj.	glup, flink, nyttig Jf. han som sa « <i>Helselaget æ så mæt ein ting</i> » på eit årsmøte.
møe	adj.	mykje
møgestyng	subst. f.	gjødselegreip av tre
måne	subst. m.	månad. <i>Æ fyller år om ein måne å kána om to måne.</i>
nadi(g)	adj.	grådig, grisk
narrvoren	adj	stormannsgal
naudesli	adj. / adv.	dumt, tåpeleg, jf. naut = storfe
naue	v.	det gjer ikkje noko. <i>De nøue kje mæ.</i>
naut	subst. n.	storfe, jf. <i>Ditt nøut!</i> (skjellsord)

nautekorv	subst. f.	sjå korv
nedri	adj.	skammeleg. <i>Dæ va nedri å sele ættegaren å ikkje va nøydde te.</i>
net	subst. f.	nøtt: ei net – neta – nete – netane, jf. nødd.
net	subst. n.	fiskegarn: eit net – nete – net – netane, jf. gån
nible	v.	hest og andre dyr nappar i mat, klede eller folk med mulen
nòtt	subst. f.	natt t.d. julenòtt (uttale med å- eller o-lyd)
nommer	subst. n.	samleie, å ha seg eit nummer
nusse / nysse	v.	kysse
nærkone	subst. f.	kvinne som hjelpte ei barselkone ved fødsel, jordmor
nødd / nøtt	subst. f.	nøtt: ei nødd – nødda – nødde – nøddane. <i>Æ åd nødde.</i>
nøte / nøde	adj.	nøye, nøyaktig. <i>Dæ va eit nøte arbei. De æ'kje så nøte = Det gjer ikkje noko.</i>
nøv	adj.	gjerrig. <i>Ho va så nøve, dei fekk kje mad nok.</i> jf. nadig
'o	pron.	ho. <i>Æ møtt 'o på butikken i da.</i>
oberst	subst.	ta oberst = å garantere
obbo	adj.	<i>Dæ æ så åbbo.</i> Nesten som: <i>Nå he æg aldri høyrte på maken.</i>
okke	pron.	objektsform av me, men også brukt i subjektsform. <i>Åkke ska ha midda nå.</i>
onnseli	adj.	sjenert, tilbakehalden
onne	prep.	under
opplut	subst.n.	1. snøreliv, forløpar til bh og hoftehaldar m/feste til sokkane 2. overdel på bunad nå
opps	subst. f.	oppsa = under taket, om overgangen mellom vegg og tak
opsedråpe	subst. m.	takdrope
orv	subst. n.	skaft til ljåbladet, jf. ljåorv. <i>Æ må lage nytt årv te heieslåtten.</i>
pele / pelle	v.	1. plukke. <i>De leite på ryggen å pele potetse.</i> 2. pirke. <i>Du må'kje pelle på kvisane, heile tia.</i>
pikk	subst. m.	penis, mannleg kjønnsorgan
pile agåre	v.	springe av garde
pjask	subst. n.	småtteri, noe det er smått stell med. <i>Dæ va bare no</i>

		<i>pjask som lå igjen ette dei.</i>
platte	v.	legge tørka tønnestav flatt med strø imellom kvart lag, jf. lø
pløye	v.	pløye åker, pløye veg når det er snø, pløye (høvle) not og fjør på bygningsmaterialar, t.d. tele. Sjå tele.
pork	subst. m.	stribukk. <i>Ola æ ein pork.</i>
porkete	adj.	egen, sta, vanskeleg
potets	subst. f.	potet, ei potets – potetsa – potetse – potetsane
potetsvis	subst. n.	potetgras, jf. blø
presteloftet	subst. n.	loft på Hægeland <i>Der heime</i> . Presten Pharo, søkte i 1829 om at det måtte byggast ei annekstove. Han fekk i staden bruke eit loft til å stelle seg og kvile på når han forretta i Hægeland kyrkje.
presteskyss	subst. m.	presten hadde krav på fri skyss. Sokneprest Bernt Smith kom til Øvrebø prestegjeld i 1814. Han kunngjorde frå preikestolen kven som skulle skyssse neste preikesøndag, skriv Jon Åsen. Det skulle vere "med velskodd hest og ingen fruentimmer".
prestevei	sust. n.	presten budde på Øvrebø prestegard. Veggen til Vennesla kyrkje over Drivenesheia blei kalla <i>Presteveien</i> på 1800-talet.
puttis	subst. m.	band av ullstoff til å vikle rundt leggen frå sko til kne før det blei vanleg med gamasjar
pys	subst. m.	katt, pus
pyse	v.	småfryse t.d. når ein skal til å bade i kaldt vann. <i>Kå stenne du å pyse ette?</i>
pyse	subst. m.	<i>Han va ein pyse.</i> = reddhare, ein som toler lite.
pysedråbe	subst. m.	handmjølka mjølk med skum som katten likte å få
påbede	subst. m.	ettermat. Etter ein noko ring middag kunne matmora seie: <i>Nå ska me få ein påbede.</i> Jf. bede/bete.
pådde	subst. f.	padde
på glensen	adj.	vere i godlag, perlehumør
på spradden	adj.	utålmodig
rabe / rape	v.	rase. 1. <i>De rabe frå taget.</i> 2. rape, jf. gorpe
raden / raten	adj.	umuleg, vondskapsfull
radesjuge / -sjuke	subst. f.	«den stygge sjuga» blei rekna som ein venerisk sjukdom på 17- og 18-hundretalet. Kom mest truleg av ikkje-venerisk syfilisbakterie.

rast	subst. m.	kvil, matpause under arbeid
raun, rauneber	subst. f.	rogn, rognbær. <i>Dæ æ møe rauneber i år.</i>
reie	v.	lage
ring	adj.	dårleg. <i>Dæ va ringt stelt me penge i 1930-årane.</i>
rokkemann	subst. m.	ei ugift kvinne som spann 3. dag jul, skulle få den første mannen som kom inn i huset
ronne	subst. m.	renning, rotskott etter hogst av lauvtre, ripsronne
ronne	v.	skyte opp renning. <i>Åspa æ fæl te å ronne.</i>
ronse	subst. f.	huske. <i>De æ kâmmen ny ronse på leikeplassen.</i>
ronse	v.	huske. <i>Me ronsa i heile friminutte.</i>
rot	subst. f.	tak inne. <i>Lampa hænge unne rota. Han kunne spenne onne rota.</i>
rode / rote	subst. f.	vegparcell som ein gardbrukar hadde plikt til å halde i stand sommar og vinter
rotelegge	v.	dele opp ein veg i roter (parsellar)
runke / ronke	v.	onanere
ryde / ryte	v.	snorke
ræbel	subst. m.	strimmel t.d. av tøy. <i>Fekk du att ein ræbel?</i>
røpt	subst. f.	el. ript, økt t.d. kveldsrøpta
råge	subst. f.	spytt, skum, sikkell. <i>Han he tåbbaråge på haga. tåbba=tobakk</i>
rårig	adj.	vil gjerne rå, ha makta. <i>Kona dær på garen va så råri.</i>
se	v.	sjå
seg	subst. n	i seget = i gang / på gli. <i>Nå æ me i sege me julebaksten.</i>
sekk ell tøg	sugst.	utanom all fornuft. <i>Dæ hæng værken i sækk ell tåg.</i>
separator	subst. m.	maskin til å separer fløyten frå mjølka ved hjelp av av sentrifugering. Vanleg hjelpemiddel på gardane frå 1900 og til det blei levering av mjølk til meieriet.
separere	v.	skilje fløyten frå nysila mjølk. Før separatoren kom, let husmora mjølka stå i vide trefat slik at fløyten la seg øvst. Så skumma (fløytt) ho av fløyten med ei skei. Det som blei igjen, var skummamjøl. Jf. uttrykket <i>skumme fløyten av noe</i> , som er å skaffe seg fordelar, ta det beste.
setehus	subst. n.	hovudbygning med kjøkken, stove og soveplassar
sett	subst.	i sett = ivrig. <i>Han va så i sett ette å kâmmen heim.</i>

silvatt	subst. m.	fille av tøy el. strikka til å legge i mjølkesilen. Silvatt blei i starten fletta av hestetagl, hår frå pannelugg, man eller hale.
sjebbe	subst. f.	abbor, sjå skjebbe
sjebeli	adj.	ordentleg, skikkeleg, perfekt. <i>Du må fare sjebeli.</i>
sjemt	subst	sjå skjemt
sjemte	v.	sjå skjemte
sjereblome	subst. m.	sjå skjereblome
sjever	adj.	udryg
sjur	adj. adv.	sjå skjur
sjurte	subst. f.	sjå skjurte
sjæl / sjøl	pron.	sjølv. Ein del eldre seier <i>sjøl</i> . <i>Me jorde de sjøl.</i>
sjøre	v.	sjå skjøre
sjåsamnt	adj.	på ein stad med vidt utsyn er det sjåsamnt
ska	v.	skal. <i>Æ skal te byen i måra.</i>
skeie	subst. m.	slire av ler, tre eller bein til tollekniv, jf. skjede
skeieknapp	subst. m.	knapp på buksa til å henge slire i. Ein del moderne arbeidsklede har nå skeieknapp til kniv og anna.
skeise	v.	å gå på skeiser. <i>Ho sjeiste ne i ei råk.</i>
skjebbe	subst. f.	abbor
skjebbeteine	subst. f.	fangstreiskap laga av trespiler eller netting
skjefte	v.	sette på skaft, t.d. øks. <i>Han sjefta ljåen i orve.</i>
skjemt	subst. m.	ungdomsmoro
skjemte	v.	ha det morosamt, t.d. leike, danse. Jf. å duste
skjereblome	subst. m.	blomsteren natt og dag
skjever	adj.	udryg
skjur	adj. adv.	ikkje glatt overflate. <i>Puss meir, det er sjurt.</i> <i>dårleg glid. Skia mine gjenge så sjurt.</i>
skjurte	subst. f.	skjorte. <i>Du må ta på dæ ei rein sju:rte i da.</i>
skjøre	v. subst. f.	1. skuffe vekk i møkk i fjaset 2. skrape av tre til å skrape og skyve møkk
skogehøy	subst. n.	høy frå skogslått. <i>Me la skågehøye i stakk.</i>

skogslått	subst.	det same som heieslått
skogle	subst. f.	droga, drættane og lekket dei festa plog, møkkeslede osv. til. Jf. skoklefallsdag – når våronna er ferdig. Av skåk – fl. skjæker. Jf. drætte.
skogletørke	subst. f.	folk ville gjerne ha ein tørke i våronna. Også i samband med tømmerkøyting.
skommamjolk	subst. f.	mjølk som er skumma / separert. Jf. separator /separere
skomme	v.	skumme, dvs. skumme av fløyte eller separere heilmjolk frå kua. Jf. skummamjolk og uttrykket «skumme fløyten» – ta fordelane.
skore/skåre	subst. f.	reiskap til å henge grytene i over åren, skjering.
skral	adj.	dårleg, skral. <i>Isen æ skral nå. Æ må ligge i da, æ æ så skral.</i>
skrante	v.	bli sjuk, dårleg. <i>Ho Ane he skranta i de siste.</i>
skre	subst. n.	urin (av menneske)
skrefarge	v.	farge ull med å legge garn i ein trekopp med skre (menneskeurin). Blåfargen kalla dei <i>potteblått</i> .
skrei	subst. f.	løype, skiløype. Jf. låm.
skrøt	subs. f.	dansemoro
skråvis	subst. m.	tynt og usikkert islag over den første isen etter at det har vore overvann. Så tvi-stade.
skyssplikt	subst. m.	bønder hadde plikt til å skyse øvrighetspersonar når dei hadde embetsoppdrag. Det vanka bot for å ikkje stille med hest og køyrekar frå det eine skyss-skiftet til det neste.
skåle	subst. m.	overbygd lagerskur ved inngang til fjøs eller stall. <i>Hent ve i skålen.</i>
skålle	v.	1. brenne seg i kokande vann 2. skålle gris ved slakting, dvs. helle på kokvarmt vann og skrape vekk busta
skåltom	adj.	heilt tom
skår	subst.	rad med gras etter ljåslått el. etter slåmaskin. <i>Per kunne ikkje fye Ola i skåra.</i>
skåre	v.	gå framover og slå med ljå
slæbedråg / slepe-	subst. f.	låg treslede til stein og tømmer, jf. dråg og stubbeslede
slårp /slorp	subst. f.	slaps, søle, velling
slått	subst. f.	område for heieslått, altså ljåslått i utmark. <i>Me va i slåtta iår, sa Osmund Hægeland i filmen Heieslått. Stad-</i>

		namn: Skrapeslåtta, Storeslåttheia, Joneslåtta, Slåttane og mange fleire.
smiste	subst. n.	smisted, ambolt. Sjå ste.
smølegras	subst. n.	smyle (<i>Avenella flexuosa</i>). Smyle fekk gode vekstforhold etter hogst og blei rekna som viktig beitegras.
smørblom	subst. m.	soleie
snappsinna	adj.	snarsint
sneiord	subst. n.	spott, spitord. Setesdalsbanen fekk sneiord for å vere smalspora, skriv Kjell Åsen.
sneis	subst. f.	stakksneis, stokk/staur i midten av høystakken
snerk	subst. m.	hinne på på graut og annan mat, tynn hinne av is på vann. <i>De æ snærk langs lann på Sandtveitvanne i da.</i>
snerke	v.	<i>Nå he de snerka på fjorden, men isen æ'kje gå'an ennå. Han ligge i / mæ mein.</i> Jf. kaste
snøreliv	subst.n.	el. liv, forløpar til bh og hoftehaldar m/feste til sokkane. Også kalt opplut.
snøst / snyst	v.	<i>røyte. Pys snøst nå, så de æ hår øve alt.</i>
snåve	v.	snuble
soll	subst. m.	søt el. sur mjølk blanda med sundbrote flatbrød. <i>såll</i>
somlen	adj.	sein
sommår	subst. m.	sommar
sommårvei	subst. m.	sommarveg, ei veglei i tørt, fast lende som blei brukt om sommaren. Motsett var vinterveg ei veglei som berre kunne brukast etter at frosten kom – på myr og på is.
somti	adv.	av og til. <i>Æ fryse så om nòtta somti.</i>
sonlen	adj.	svimmel
sope	v.	feie t.d. med sopelime
sopelime	subst. m.	feiekost av bjørkekvistar. Jf. lime
spag	subst. n.	tynn trestokk til å bryte/løfte tømmerstokkar med. jf. handspiger
spéli	adj.	farleg. Trykk på første staving.
springe	v.	visse brunst. <i>Kyra springe, så me må ha ho te stut.</i>
sprægane	subst.	det som var att av lauvkjerva når dyra hadde ete av lauv og tynn kvist
spæge	v.	el. spjæge, sprike med knea så stakken glir opp over knea. <i>Du må kje sidde der å spæge, sa dei til småjentene.</i>

spøte	v.	strikke. <i>Æ spøte. Du site me spøtepinne i da au.</i>
spøte	subst. n.	strikketøy. <i>Signe fant spøte sitt i ei usse.</i>
spøte	subst. m.	kile til å drive inn for å få ljàbladet til å sitte fast i orvet
spån	subst. f.	spon, småfliser, spon på tak eller vegg
stagge	v.	stoppe, slå seg til ro. <i>Jf. ei / eit hepte og bustø.</i>
stakk	subst. m.	1. skjørt, jf. stripestakk som bunad 2. høystakk
stakkedott	subst. m.	klengenamn på mann med ei råderik kone
ste	subst. n.	smieste, ambolt. <i>Ola sto ve smistee heile da'n.</i>
ste	v.	ste seg, ta teneste, gjerne frå/til flyttardagen, 14. april og 14. oktober
steingjære	subst. n.	steingjerde av naturstein i byttet mellom eigedommar
stem	subst. m.	demning i bekk til å drive bekkverk eller sagbruk
stemme	v.	lage demning. <i>Jf. norrønt stemme (stoppe) blod.</i>
stenne	v.	stå (presens av å stande). <i>Åse stenne å vente på dæ.</i>
stige / stege	v.	gå, å ta steg, skritt. <i>Du må stege øve steinen.</i>
stige	subst.	stige til å klatre i
sting	subst. m.	styng, hald. <i>Me sprang te me fekk sting.</i>
stobbeslee	subst. m.	kort slede med kjettingar til å køyre fram tømmer
stokk	v.	bli skremt når noko kjem brått på, jf. støkke. <i>Æ stokk då du kom.</i>
stodeling	subst. m.	gardane hadde sin eigen, faste benk (stol) i kyrkja. Det oppsto av og til strid om tildelinga.
stolpe	v.	gå/stolpe i djupsnø, gå med stive bein
stolle / stulle	v.	stulle, stelle, heila fjøsstellet med å fore, fli og mjølke <i>Æ måtte stolle i fjose før me reiste te kjærka i da.</i>
stomp	subst. m.	brød. <i>Me må bage stomp i da.</i>
storklud	subst. m.	stort teppe til å ta rundt seg når ein køyrde med hest i kulden
stråge	v.	gå, spassere, også om å gå sin veg. <i>Ho stråga beint heim.</i>
stums / stoms	adv.	plutseleg, rett på. <i>Me kom så stoms på han at han ståkk.</i>
stud / stut	subst. m.	okse
studekalv / stute-	subst. m.	oksekalv

støkke	v. intrans.	skvette, bli redd av noko uventa. <i>Æ(g) støkke ofte a høge lye. (lydar). Ho stokk a smellen.</i>
støkke	v. trans.	løype, få mjølk til å sprekke ved å tilsette surmjølk el. løype, støkke fugl = skremme opp
styppe	v.	døy, jf. stupe
stypps	adv.	jf. stums
subbeskolp	subst. m.	feiebrett
sugge	subst. f.	purke, jf. Suggeheia. jf. galte og råne
suvl	subst. n.	pålegg på brødmaten
svalldaue	subst. m.	isbrann, skade på planteveksten ved at det dannar seg islag ved skifte mellom mildver og frost tidleg om våren
sveghålt	adj.	glatt pga. tørr snø oppå is
svimren	adj.	ør, svimmel
svømnu	adj.	svevnug (nynorsk), trøyt
sy / sye	v.	koke. Per på Lauvås sa: <i>Æ eplane sønne? Nå æ di straks på søu. Nå æ potetsane straks på koken.</i>
sysen	adv.	slik. <i>Sysen æ de.</i>
syssendanten	adv.	på den måten. <i>Ja, ja, de blei nå syssendanten.</i>
sysseudent	adv.	slikt, sånn i negativ meining. <i>Æ he aller sett sysseudent, sa Trygve då han køyrde bilen grøfta.</i>
sækk ell tøg		sjå sekk ell tog
sø	subst. n.	kompesø, kokevann etter koking av komper
sødest / søtost	subst. m.	ost som er nedkøkt av støkt (sprengt) mjølk, høgtids-pålegg
sømme	v.	svømme, jf. sømmekurs. Dei yngre seier svømme.
såde / såte	subst. f.	såte, dunge av høy lagt saman for å unngå nattedogg, jf. mue
sånnen	adv.	slik, såleis
ta	v.	å ta - te - to - he tatt/tee
tai	adj.	uthaldande i arbeid, også negativt: <i>Han va så tai te å drikke.</i>
talle	subst. m.	mitting, møkk t.d. sauetaille – møkk og høy samantråkka
te	prep.	til. <i>Me kom te låst dør.</i>
teiål	adj.	taus

tele	subst. n.	1. golv. <i>Æ kan ligge på tele.</i> I Vestbygda heiter det <i>tile</i> . 2. frosen jord / myr. Jf. klake. <i>Telen går ut nå snart.</i>
teletvåge	subst. f.	golvfille, vaskeklut til golv
tere	subst. m.	tiur. <i>Nere skyt ingen tere</i> , blei det sagt.
tekke	v.	legge tak hus, dekke over t.d. ved. Tekkedugnad = nabo- hjelp med å legge nytt tak. Jf. tekkelag.
tevle	v.	streve. <i>Han tevla å tog jor.</i> = dyrka, braut ny jord
tiu	adj.	ha hug/lyst på. <i>Æ(g) æ tiu på øl.</i>
tiv	adj.	ha hug på. <i>Han va så tiv på mårrmaten.</i> (Lyst på pølse.) jf. huga
tiål	adj.	jf. teiål
tjo / tjot	subst. n.	ljåtange = festet på ljåbladet til orvet
tjudre	v.	mase, monotont snakk
tjøre	subst. f.	tjuktflytane, mørk væske produsert i tjøremile, der feit furuved (tyri, tøre, kjerneved med mykje harpiks) blir utsett for sterk oppvarming utan tilgang på luft
tjørebræ	v.	smøre inn med tjøre, t.d. båt, ski, hus
tjørr	adj.	tørr, jf. kjørr. <i>Nå æ vinterve'n tjørr.</i>
tòke	subst. f.	tak på hus (utvendig), <i>Han datt ne a tòka.</i> jf. rot om tak inne. Sjå lyddelen pkt. 10 side 12-13
tokke	v.	tokke, flytte seg. <i>Tåkk dæ!</i> Noen seier <i>tåk</i> .
tomle	v.	surre rundt utan å komme heilt i gang. <i>Å æ de du tomle mæ nå?</i>
tonna		<i>Me kjørte på tånna.</i> (Det var snøfritt.)
torte	v.	vase, rote
tose	subst. m.	halvsokk, lodde
tose	v.	kviskre
toste	v. subst. f.	vase, rote. <i>Ho gjenge å toste heile dan nå.</i> <i>Han gjenge i tosta.</i> Jf. tuste.
tosten	adj.	dement. Jf. tusten.
tosteli	adj.	ugreitt, problematisk. Jf. tusteli.
tòt	subst. n.	mun. <i>Holl tòte på dæg!</i> Jf. tåteflaske til amming.
tott	adj.	snøfritt, <i>De æ tått på heia ennå.</i>
tott	subst. m.	tommeltott. <i>Æ fryse på tåtten.</i>

totte (pret. av å tykke)	v.	tykke, synest. <i>Æ totte du va så hjelpsam då æ va sjuge.</i>
tove /tåve /tøve	v.	1. krympe våte ullplagg på tovefjøl for å få dei tettare 2. katten tove, når han er i godlag og set labbane/klørne mot eit mjukt underlag, gjerne før han legg seg ned
tovfjøl	subst. f.	ruflet trebrett til å gni/tove ullplagg på
tranle	v	legge trestokkar på blautmyr på tvers av vegen for å komme fram, jf. kloppe
trappeskåre	subst. f.	oppheng for gryter over åren (trappeskåra hang i gjelgja og kunne regulerast i høgda for å få høveleg varme under koking, jf. brytarar på elektriske komfyr. Sjå gjelgje og åre.
trege	v.	angre. <i>Æ trege på at æ blei me på dettæ.</i>
trev	subst. n.	galleri i kyrkja
trom	subst. m.	slede eller vogn til å køyre høy, tromslede, høytrom
trotten / trota	adj.	veldig trøytt, overtrøytt, sliten. <i>Du æ trotten i da.</i>
tråsøken	adj.	innpåsliten. <i>Han va så tråsøken at ho ikkje fekk fre.</i>
tudre	v.	smågrine. <i>Ho jekk der å tudra. Ho va så tudren.</i>
tufle	v.	streve for å nå eit mål, vere iherdig. <i>Me he så menn tufla føre dæg.</i>
turla	adj.	vere på tusta. <i>Han va reint turla i da.</i>
tusse	subst. m.	bakaromn laga av naturstein
tuste	v. subst. f.	vase, rote. <i>Ho gjenge å toste heile dan nå. Han gjenge i tosta. Jf. toste.</i>
tusten	adj.	dement, jf. tosten
tusteli	adj.	ugreitt, problematisk. Jf. tosteli og kjusseli
tvikøyre	v.	dele lasset i to. Kiledalskleiva var så bratt at det var vanleg å lesse av og køyre opp halve lasset i gongen.
tvinnling	subst. m.	tvilling
tvi-stade	adj.	dobbel is, to islag på elv, vann el. fjord. <i>Nå æ de tvistade, så de æ vanskeligi å gå.</i>
tvøge	subst. f.	vaskefille, klut
tvøre	subst. f.	kjøkkenreiskap til å røre i grauten
tykke	v.	synast. <i>Æ tykke du må gå nå.</i>
tære	v.	1. slå av kokevatnet etter at t.d. potene er kokte 2. tømme til siste dråpe. <i>Æ ska tære kaffikjelen.</i>
tærne (har namn i mange variantar)	subst. f.	1. <i>Storetå, Tå-i-tå, Eplefrua, Trilleros, Skrubbehest.</i> 2. <i>Titill, Tåtill, Tillaros, Mekkelfru, å Storegubben-sjøl-i-</i>

		<i>stova.</i> 3. <i>Titill, Tåtill, Tillaros, Meglefru, Storegubben sjæl.</i>
tøle, tølane	subst. f.	verktøyet ein arbeider med
tøre	subst. m.	tyri, feit furuved, kjerneved med mykje harpiks
tøyle	subst. m.	reim frå bisselet til å styre hesten. <i>Me må henge i tøy-lane for å bli ferdi i da.</i>
tåke	v.	tokke, flytte seg. <i>Tåk dæ!</i> Sjå tokke.
tått	adj.	bar mark, ikkje snø- eller isføre
tåvefjøl	subst. f.	ruflet trebrett til å tove sokkar og vottar
uhamskeli	adj.	rotet, ureint, ekkelt
ukjure	subst. f.	kjeltring. <i>Ho æ ei dreden ukjure.</i>
uled	subst. m.	handled
ulieli	adj.	vanskeleg, ekkel
ulykka (i ulykka)	subst. f.	ufrivillig gravid, hamne i ulykka
umege	subst. f.	noe uvanleg stort
usse	subst. f.	i ein ugreidd haug. <i>Fiskenete lå i ei usse.</i> Ordet blei også brukt om dårleg ver: <i>ussever, sobbever</i> og om menneske: <i>Ho va ei usse.</i>
uvisli	adj.	motsett av drusteli, noen det var lite med
uåneli	adj.	utriveleg, ukoseleg. <i>De æ uåneli hos åkke nå.</i>
vannen	adj.	skeptisk til mat ein ikkje er van med. <i>Han æ så vannen på maten.</i>
vanti	adj.	ikkje så nøye med det. <i>De æ kje vanti.</i>
vantom	adj.	ikkje bry seg om. <i>De æ ikkje vantom.</i>
vaps	subst. m.	veps. <i>Vapsen stakk mæg i fua då æg bada.</i>
vatne	v.	<i>De vatna i skispore i da, så de iste onne skiane.</i> (Så dårleg is at det trekker vann opp i skisporet.)
veka	subst. f.	å ha veka, menstruasjon
vege / veke	subst. f.	veke. Mange yngre seier nå <i>uke.</i> <i>Ola va sjuk i tri veke.</i>
venne	v.	vende/snu gras med rive ved tørking til høypå marka
vestare	adv.	lenger mot vest
vesål	adj.	stakkarsleg
vime	v.	vimse, veit korkje ut eller inn. <i>Han jekk dær å vima.</i>
vintervei	subst. m.	vinterveg ei veglei som berre kunne brukast etter at

		frosten kom – på myr og på is. Motsett: sommarveg, ei veglei i tørt, fast lende som blei brukt om sommaren.
vis	subst. n.	potetris, jf. blø
visst	subst. m.	haug av korn etter tresking
vøk	subst.	stort åtehol (opning på is) med dårleg is rundt. Jf. åtehol.
vreist	subst. m.	kjetting eller trestykke rundt meien til å bremse sleden i nedoverbakke
vøle	v.	reparere
våe	subst. m.	svært uvøren. <i>Han va ein øye våe.</i>
våg	subst. m.	stokk eller staur til å løfte opp / vippe opp noko tungt
vågemat	subst. m.	det dei la under våga tett inntil det som skulle vippast opp
våverk	subst. n.	t.d. om ei stor maskin eller vogn. <i>Dæ va eit våeværk.</i>
æ / æg	pron.	eg
økseklove	subst. m.	øksefeste på veggen
Ørebø	særnamn	Øvrebø. <i>Ho æ frå Ørebø.</i>
øredøl	subst.	person frå Øvrebø
øve	prep.	over. <i>Legg øve dæ et teppe.</i>
Øvrebø	særnamn	namn på gard, formannskapsdistrikt, kommune og kyrkjesokn. Gardsnamnet Øvrebø kjem av gammalnorsk <i>Øfribær</i> . <i>Øfri</i> = øvre og <i>bær</i> = gard, altså den øvre garden, skriv Jon Åsen i <i>Øvrebøboka, Gard og ætt</i> . Frå 1837 var Hægeland og Vennesla ein del av Øvrebø formannskapsdistrikt. Vennesla blei skilt ut til eigen kommune i 1865, og den delen som var att, fekk namnet Øvrebø og Hægeland kommune. Ved ny deling i 1896 blei både Øvrebø og Hægeland egne kommunar. Øvrebø var eigen kommune fram til samanslåinga av alle tre i 1964.
øye	adj.	<i>Han va sånn ein øye våe</i> = voldsom, brutal framferd
å	spørjeord	kva. <i>Å sa du?</i> Jf. kå.
åbres	v.	garantere. <i>Æg åbres at kyra he kalv.</i> Jf. å ta oberst
åffår	spørjeord	kva for ein/ei/eit/noen (nokon). <i>Åffår ein vil du ha?</i>
åkke	pron.	sjå okke
åkkås	pron.	vårt. <i>Dei kjøpte huse åkkås.</i>
ån	subst. f.	å, lita elv. Langåna. Eljansåna.

åneli	adj.	uneleg, triveleg, koseleg. <i>Han æ ein åneli kar. Me he det åneli i den nye ståva.</i>
åre	subst.m.	1. eldstad midt på golvet med ljore for røyken i taket 2. open eldstad med murpipe
åssen	spørjeord	korleis. <i>Åssen he du de?</i>
åst	subst. m.	ost
åtehol / åtehål	subst. n.	åtehol er små opningar i isen, særleg om våren. Større opningar med dårleg is rundt heiter <i>vøk</i> . <i>Alv skeiste ne-i et åtehål.</i>

Ord og vendingar

a	av . <i>Kapp a ein hall meter.</i>
an	han, 'an. <i>Kå he du lagt an? Du he vel lagt an ein plass.</i>
a å	av stad. <i>Æ ska a å ete.</i>
i bega	i knipe. <i>Dei va så i bega for å få tak i kjuring.</i>
i fòg, i fòget	stressa. <i>Ho va så i fòg, for å røkke fram tissnok.</i>
fosstau føre	<i>De va kje fosstau føre.</i> Om person som talar hemningslaust/utan å tenkje seg om. Uttrykket har samanheng med ei fosstaue=ei forstue.
fæl te	flink, positiv omtale. <i>Han æ fæl te å grave grøft.</i>
fæl te	fæl i negativ meining. <i>Han æ fæl te å drikke.</i>
gje <u>te</u>	finne seg i. <i>Han måtte je te at dei lo a han.</i> (trykket på te)
glepse i sæ	glefse, ete fort, sluke i seg
ha te goe	til gode, ha pengar til gode, jf. ha til gode (ha fordel av)
høyre spørt	<i>Æ hørde spørt at du ska gifte dæ.</i>
kå sa du?	kva sa du?
harli møe	veldig mykje
ikkje nytte	umuleg, ikkje gå an. <i>Då kan de ikkje nytte.</i>
ikkje nå <u>tess</u>	ikkje bra, om helsetilstand eller personlege eigenskapar
ikkje nå å <u>hyse på</u>	ikkje noe å ta vare på
på hekta	nære på, like før. <i>De va på hekta at æ mista bussen i da.</i>
sekk ell tøg	utanom all fornuft. <i>Dæ hæng værken i sækk ell tøg.</i>
sjåge unna	få gjort unna arbeid i ein fart
spare ette	ha noko til gode (trykk på ette). <i>Han hadde ikkje noe ette.</i>
springe <i>grauttvore</i>	Sjå tvøre. Å springe <i>grauttvore</i> var å springe med grauttvora tre gonger rundt huset julekvelden og sjå kven ein skulle gifte seg med. Ein mann på Ropstad gjorde det og møtte tenestjenta. Dei blei gifte.
ta oberst	garantere

Ord om husdyr



Foto: Mikal Godtfredsen

Kjelder: Mikal Godtfredsen, Knut Føreland, Alv Vinjerui, Oddvar Sørli, Alv Godtfredsen og Bjarne Gunstveit. Det er usikkert om ein del av desse orda er hægelandsmål. Noen ord kan ha komme til bygda ved innflytting, eller frå kontakt med veterinær. Desse orda er merkte med * i rubrikken til venstre.

<u>ajele</u> / ajelle	v.	avgjelde: Stoppe mjølkeproduksjonen (laktasjonen) før neste kalving. <i>Me må ajele Dagros nå.</i> Jf. asine. Dette skjer ved å redusere foringa og mjølke berre annakvar dag.
<u>ajelt</u>	adj.	avgjeldt: <i>Gulldokk æ ajelt. Ho he slutta å målke.</i>
<u>asine</u>	v.	avsine, jf. ajele
<u>asint</u>	adj.	avsint / sina av, jf. ajelt. <i>Gråsi æ snart asint nå.</i>
breke	v.	om lyden sauer gir frå seg, gjerne for å kalle på lam
brønne	v.	gje vann til kyr og andre husdyr
bur	subst. n.	foster burakyr
burad	adj.	drektig
burakyr	subst. f.	ku som går med kalv.
by *	v.	om ei hoppe i brunst. <i>Blakka by sæ i da au.</i>

bøyge / bøyke	v.	leike 1. om dyr som viser brunst og «leiker». 2. kalvar og kyr hoppar og sprett ved utslepp om våren
fivle *	v.	hane som parar seg med høne. <i>Hanen fivle den brune høna.</i>
flyge	v.	om ku i brunst, klar til å pare seg med ein stut. Jf. springe. <i>Dagros flyge i da. Æ så at ho rei på Gulldokk.</i> (Orda flyge og springe blei også brukt om sauer.)
fole	subst. m.	avkom av ei hoppe. <i>Bruna fekk ein fåle iårkvell.</i>
fylle	subst. f.	kolikk. <i>Gråsi he fenge fylla. Ho beitte på håen iår.</i>
føl / føll	subst. n.	sjå fole. (ein fole, to føl)
føle	v.	få føl. <i>Bruna følte iårkvell.</i>
føltung	adj.	om hoppe som går med føl etter vellykka paring, jf. gjenge
galte	subst. m.	gris (hankjønn), jf. sugge
galtestøkk	subst. m.	plutseleg skrekk som umotivert kjem over svin, panisk redsel
gimre	subst. f.	årgammal søye som ikkje er para
gjele a	v.	gjelde av, jf. ajle
gjenge med ...	v.	om husdyr som er drektige og går med avkom
grise *	v.	fø grisungar, sugge som før grisungar
grisemat	subst. m.	matavfall frå kjøkkenet var vanleg foring i eldre tid. Nesten alt me hiver i dunken for matavfall nå, blei gitt til grisen, som enda sine dagar som julegris. Ordet kunne også bli brukt av folk som klaga på maten. I krigsåra 1940–45 var det ofte at brødmjølet, såkalla krisemjøl, hadde dårleg bakeevne. Det var ulike meiningar om kva som var <i>folkemat</i> i dei dagar, skriv Kjell Åsen.
grisepotets	subst. f.	småpoteter og skadde poteter til grisefôr
griseprek	subst. n.	ufine, stygge ord
grynt	subst. n.	lyd frå gris, gryntelyd.
grynte	v.	grisen gryntar, altså lyden grisar gir frå seg, gjerne når dei er i godlag. Sugga smågryntar når ho dier ungane. Jf. shri-

		king når grisane ventar på mat, eller blir skremde.
hesteskjerar	subst. m.	person som kan kastrere hestar
hingst	subst. m.	hest (hankjønn)
homre	v.	humre. <i>Blakka homre når far kjæme med høy te 'o.</i>
hoppe	subst. f.	merr (hest – hokjønn)
kalv	subst. m.	avkom av ku (kyrekalv og studekalv)
kalve	v.	ku som før kalv
kalvesjau	subst. m.	fødsel, kalving. <i>De æ kalvesjau i fjose, de høyre æ på rau-tinga.</i>
knegge	v.	sterkare lyd enn å humre. <i>Svarten knegga då han så mæ.</i>
krettur	subst.	krøtter, kreatur (av latin creatum = skapning), storfe (ku) og småfe (sau og geit). I Hægeland er ordet krettur mest brukt om storfe.
kvige	subst. f.	kalv (hokjønn) eldre enn 1 år, fram til første kalving
lamme / lemme	v.	fødsel, søye som før lam. <i>De æ lemning nå.</i>
lammetung	adj.	søye som er drektig (gravid)
legge på	v.	fø opp, t.d. ein kalv til ku. <i>Vil du legge på eller slakte kalven?</i>
libbe	subst. m.	sau
lute opp	v.	dele opp. Under vanskeleg kalving, kunne det bli nødvendig å dele opp kalven, for å berge kua.
låte a	v.	jf. åjele
mekre	v.	lyd, kallelyd til geit.
merr	subst. f.	hoppe
omløp	subst. n.	springe om/opp igjen. <i>De blei omløp. Dagros he'kje tee kalv. Ho springe om igjen, ser æ.</i>
porke *	subst. f.	gris, sugge (hokjønn)
raute	v.	om lyd som kyr gir frå seg

råne	subst. m.	sjå galte
sauebokk	subst. m.	sauebukk, ver (hankjønn)
sine a	v.	jf. asint
skrelling	subst. f.	matavfall, jf. grisemat. <i>Gje skrellingane te sugga.</i>
skvette *	v.	om hoppe som viser brunst
springe	v.	jf. flyge. <i>Dalekolla springe i da.</i>
stende *	v.	om hoppe som står når hingsten vil pare ho. <i>Sokka stende.</i>
stolle / stulle	v.	stulle, stelle, ta heila fjøsstellet med å fore, fli og mjølke <i>Æ måtte stolle i fjose før me reiste te kjærka i da.</i>
stut / stud	subst. m.	okse, storfe (hankjønn)
stutekalv	subst. m.	oksekalv
sugge	subst. f.	purke, gris (hokjønn), jf. galte
søye	subst. f.	sau (hokjønn)
ta sæ	v.	ta seg: om krøtter som er drektig (gravid). <i>Gullros he tee sæ.</i>
tidd *	adj.	<i>Kyra æ tidd.</i> Jf. ta sæ (drektig)
vallak	subst. m.	kastrert (skoren) hest
vêr *	subst. m.	sauebukk
vrinske	v.	høg lyd som hestar gir frå seg, gjerne for å kalle på andre
årelate	v.	tappe blod frå vene (blodåre). Dette blei ein del brukt som behandling når ei kyr ikkje ville ta kalv, skriv Jon Åsen.

Ord om korn og baking

Orda er henta frå filmen *Kornskurd, tresking, baking, Hægeland sogelag 1973*, kommentert av Osmund Hægeland



Kornskurd på Eikeland



Tresking



Baking på Ropstad

Fotoeigar: Hægeland sogelag

agn / agne	subst. f.	dekkblad kring småaks og blomstrar på gras- og kornplantar
bakstebor	subst. n.	bord til baking av lefse og flatbrød hengsla på veggen, eller som ei laus plate til å legge på ein bukk eller på eit vanleg bord
bendel	subst. m.	band av halmstrå kring eit kornband. NB: tonelag 2. <i>Me må løyse bendlane før me treske.</i>
binde bendel	v.	lage bendel til å legge rundt ein bunt kornstrå til eit kornband
bryggerhus	subst. n.	eldhus, eit hus til ølbrygging, vasking, flatbrødbaking, slaktning – nærmast som eit grovkjøkken nå
bryne	subst. n.	avlang natur- eller kunststein til å kvesse egga på sigd, ljå osv.

bryne	v.	kvesse
brøspae	subst. m.	brødspade, reiskap til å legge stomp inn i bakaromnen og til å ta ut etter steiking
børesåll	subst. m.	såld med handtak i begge endar slik at to personar kunne riste og skake for å sålde vekk halmstubbar, agner og snerp frå korn som var treska.
egg	subst. m.	den skjerande kanten på sigd, ljå, kniv, hoggjern osv.
egge	v.	slipe så ein får kvass egg, t.d. på kniv, sigd osv. <i>Nils slibe sigden te eggjes.</i>
fløy	subst. m.	tynt trestykke, 70–80 cm langt, til å vende og flytte lefse- og flatbrødleivar med på bakstebordet og hella
fløyel	subst. m.	slegel, sliul, ein reiskap til å treske korn, altså slå kornet laus frå aks og halmstrå. Skaftet blei kalla <i>handvol</i> og stokken som slo mot kornaksa <i>slagvol</i> . Handvola og slagvola var samanbundne med eit reip, helst av åleskinn. NB: tonelag 2 som i <i>tanken</i> ein tenker.
forband /forband (usikkert om det var <i>for-</i> el. <i>for-</i>)	subst. n.	eit kornband som blei tredd ned på stauren med halmstubben mot marka og kornaksa oppover. Dette kornbandet skulle hindre kornaksa i å komme i kontakt med marka og bli øydelagt av væte. Dei neste kornbanda blei tredd ned på stauren, parvis gjennom bendelen, horisontalt med kornaksa mot sør.
hatt	subst. m.	det 13 bandet (hatten) blei lagt på toppen av stauren slik at regnvann ikkje skulle renne ned langs stauren
helle	subst. f.	rund jernplate til å steike på. Hella låg på eit brannjønn i skorsteinen eller åren, jf. elektrisk takke nå.
kante	v.	velte i koll. <i>Kornstaurane må ikkje kante.</i>
kasteskowl	subst. m.	treause (forma som eit smalt feiebrett) til å kaste korn
kaste korn	v.	kaste korn med kasteskowl bortover låvegolv et slik at lette partiklar fell ned og det beste (tyngste) kornet fell ned lengst vekk. Jf. lettkorn om 2. klasses korn
kjevle	v.	kjevle ut leiv av eit emne
kjevle	subst. n.	reiskap til å kjevle ut leivar
konn	subst. n.	korn
konnband	subst. n.	bunt av kornstrå der alle aksa låg same veg med ein bendel til å halde saman kornbandet
konnstaur	subst. m.	staur til å reise kornband var spissa i toppen
kvinn	subst. f.	1. kvern til maling av korn. Kvernkallen drog oversteinen rundt på ein understein som låg fast i kvernhuset.

		2. kvern av tre til å male (knuse) kokte poteter til lefse el. flatbrød
kvinnkall	subst. m.	vertikal turbin av tre som dreiv oversteinen rundt. Ei trerenne førte vann inn på skråstilte skovlar.
lettkonn	subst. n.	lettkorn, korn med mindre <i>mat</i> i gjekk vanlegvis til dyrefôr. I krisetider med uår og krig gjekk alt til mat.
lut	adj.	<i>bøyg</i> , krum rygg. <i>Æg æ lut. De leite på å sjære med sigd.</i>
låvetele	subst. n.	låvegolv. Sjå tele i ordsamlinga.
make / mage	v.	kna saman med hendene og lage emne til ein leiv
meieapparat	subst. n.	slåmaskin med tilleggsutstyr til kornskurd. Stråa blei samla opp på eit brett bak knivbjelken og lagt av med ei skråstilt rive. Så blei banda bundne saman med bendel, likeins som etter skjering med sigd.
reise kornband	v.	sette kornband på staur
reive leiven	v.	rulle ihop leiven med fløyen for å legge på hella
røe	v.	væte leiv under steiking på helle. Sjå vippe.
sigd	subst. m.	reiskap til å skjere korn på åkeren
simsestokk	subst. m.	den øvste stokken i opninga inn mot korn- eller høyla på låven
sjær	adj.	skjær. <i>Nå æ byggåkeren sjær</i> (moden til skjere, klar til skur)
sjølbindar	subst. m.	maskin som både skar åkeren og batt saman kornbanda med hyssing. Trekkrafta var to hestar, seinare traktor.
skur	subst. m.	arbeidet med å skjere og berge inn korn. Jf. skuronn <i>Jens he bejynt me skuren, sere æ.</i>
skuronn	subst. f.	sjå skur
snerk	subst. m.	hinne på graut og annan mat
snerp	subst. n.	stiv børste på agn hos gras og kornplantar. Bygg har lange snerp som må såldast vekk frå kornet under tresking. Snerp av bygg har mothakar som festar seg på klede og i halsen
stomp	subst. m.	brød, avlange eller runde. <i>Nå ska me bake stomp.</i>
sveive	v.	dra rundt, t.d. slipesteinen
stabbe	subst. m.	stabel med flatbrød. Det blei også sagt flatbrødstabel.
sålle / sælle	v.	sålde, dvs. reinse vekk agne, snerp og halmstubbar etter treskinga. Kornet datt ned gjennom små hol. Jf. dørslag som kjøkkenreiskap
tjørr / tjørt	adj.	tørt, tørt. <i>Nå æ kunne så tjørt at me kan berje de og</i>

		<i>legge de i la på låven.</i>
trille	subst. f.	lite kjevle på skaft til å rulle over leiven på hella
tråg	subst. n.	traug til å kna / elte deig i. <i>Ta fram bakstetråge, Anna!</i>
vippe	subst. f.	liten klut (fille) festa til eit skaft. Under lefse- og flatbrød-steiking på helle skvetta bakstekona vann på leiven. <i>Nå må æ skonne mæ å røe leiven med vippa.</i>
visst	subst. m.	dunge med korn, agner og snerp på låvegolv et etter tresking og sålding. <i>Nå må me kaste vissten.</i> (= kaste med kasteskovi bortover låvegolv slik at lette partiklar fall ned og kornet fall ned lenger vekk)

Ord om mål og vekt



Stongvekt frå Nerevollen på Kile

Foto: Odvar Moen

Mesta kvar gard hadde stongvekt (bismar), ein enkel og flyttbar reiskap til å vege landbruksvarer som t.d. kjøtt. I Hægeland og Øvrebø blei bismaren kalla *stongvekt*. Ringen oppover er til oppheng, eller til å løfte med handa. Kroken er til å henge på det som skal vegast. Stongvekta er ulikearma og fungerer etter prinsippet vekt x arm. Ved å flytte loddet slik at stonga ligg vannrett, kan ein lese av vekta på den graderte skalalen. Med innstillinga til venstre kan ein vege frå 0,1 til 12 kg. Ved å snu stongvekta slik at armen frå krok til oppheng blir kortare (foto til høgre), kan ein vege frå 12 til 50 kg. Dette er ein såkalla romersk bismar. Fram til først på 1900-talet var den nordiske bismaren i bruk. Det var ein tre-stav med fast lodd i ein ende, krok i den andre og flyttbart opphengspunkt på den graderte stonga.

Meterkonvensjonen i 1875 avløyste ei mengd gamle einingar for mål og vekt. Sjå <https://snl.no/SI-systemet>. Dei gamle nemningane for mål og vekt levde lenge etter at me fekk dei internasjonale og norske vedtaka om mål og vekt.

Jon Åsen brukar ofte dei gamle nemningane i *Hægelandsbøkene*.

alen	subst. f	1824: 62,75 cm. Lengdemålet alen var opphavleg lengda frå bøygd olboge til tuppen av langfingeren på ein vaksen mann. Tre alner er ein famn. To fot er ei alen. Ordet kjem av gammalnorsk <i>qln</i> = underarm
bismarpund	subst.	ca. 6 kg
famn (som lengdemål)	subst. m.	Ein famn var ei lengd på tre alen, altså 1,882 meter. Bakgrunnen for ordet er avstanden mellom langfingerspissane når ein vaksen mann strekker armene rett ut til sidene. Dvs. det ein kunne femne om. Lengdemålet famn heldt seg lengst som uttrykk for mål på fiskereiskapar og djupne i vann.
famn (som vedmål heiter det <i>mål</i> på hægelandsmålet)	subst. f.	Ei famn ved skal måle 4 m x 1 m x 0,60 m eller 2 m x 2 m x 0,6 m og tilsvare 2,4 lauskubikkmeter ($l m^3$) stabla ved. <i>Æ kan sele dæ ett mål tjørr eikeve.</i>

fot	subst. m.	1824: ½ alen = 31,374 cm i Norge. 1875: britisk foot, avskaffa i Norge 1959 (= 30,48 cm). To fot er lik ei alen. I byggerekneskapen for bygging av Hægeland kyrkje 1830 var dei lengste kledningsborda 20 ½ fot og 7 tommar breie. (<i>Hægeland kyrkje Eit minneskrift på 100 årsdagen 1930 av Jon Åsen</i>)
mannshøg (som høgdemål)	adj.	høgda på ein vaksen mann, i norrøn tid ca. 166 cm. <i>Me he ei mannshøg raun i hagen.</i>
mark / merk (mål for vekt)	subst. f.	250 g. Vektmålet mark har variert, men etter innføringa av metersystemet i 1875 er 1 mark = 250 g. Mark var i vanleg bruk i Hægeland til langt utpå 1900-talet. Denne vekteininga var brukt ved kjøp og sal av landbruksvarer som ost, smør og kjøtt. Vekta på spedbarn blei også rekna i mark. <i>Båne va bare 7 mark.</i>
meter	subst. m.	Stortinget vedtok i 1875 at Norge skulle slutte seg til meterkonvensjonen.
mil	subst. f.	1 norsk mil var inntil 1875 18.000 norske alen, eller om lag 11,3 km.
mål (areal)	subst.n.	= dekar
mål (ved)	subst. n.	1 mål er 4 m x 1 m x 0,60 m eller 2 m x 2 m x 0,6 m stabla ved. <i>Me he brent fem må ve te nå.</i>
normallys (mål for lysstyrke)	subst. n.	= lysstyrken av eit stearinlys er ca. 1 candela. I kontrakten då Hægeland bygdemølle blei bygd i 1918, heitte det at eigarane av fossefallet ved Homme sag eventuelt skulle levere gratis elektrisk kraft til mølla tilsvarande 125 normallys. Candela avløyste normallys i 1948.
skippund (mål for vekt)	subst. n.	ca. 185 kg. Vanleg vekteining for høy.
spann (mål for vekt)	subst. n.	ca. 9 kg. Mest brukt for tørrvarer.
stongvekt	subst. f.	bismar. Sjå tekst under foto.
tom /tomme	subst. m.	lengdemål som ennå blir brukt om trelast. Me kan stadig be om 2 tom – 4 tom på trelasthandelen og får då 48 x 98 mm. Ein tomme var opphavleg breidda på ein tommelfinger ved naglerota. På 900-talet utgjorde ein tomme 1/20 alen, eller 1/10 fot og var ca. 2,37 cm lang. I 1824 vedtok Stortinget at ein tomme skulle vere nøyaktig

		2,6145833 cm. Frå 1959 er ein tomme justert ned til 2,540 cm. <i>Me må ha ein-og ein-kvart-toms plank te tele. Æ vik ikkje ein tomme.</i> (Eg gir meg ikkje.)
tønne (som holmål)	subst. f.	<p>eit mykje brukt holmål i jordbruket.</p> <p>1. Ei tønne tørr vare, f.eks. korn var 138,97 liter. Ei tønne poteter vog ca. 100 kg.</p> <p>2. For flytande varer utgjorde ei tønne 115,81 liter.</p> <p>Jon Åsen skriv i <i>Hægelandsboka Gard og ætt at Matrikkelnemnda</i> i 1866 verdsette Sandland <i>Der aust</i>: 12 mål dyrkamark. Det var 5 kyr og 10 sauer. Utsåd: 1 tønne bygg, 1 tønne havre, 2½ tønne poteter. Avlinga var 6 t bygg, 6 t havre, 20 t poteter og 18 skippund høy. Mesteparten av høyet var nok heieslått. (1 skippund = 185 kg)</p>
våg (mål for vekt)	subst. f.	18 kg

Ord og uttrykk om stavproduksjon

Hogst og saging av tønnestav var ei viktig næring i Hægeland. Den småvaksne furuskogen i Vest-Agder eigna seg godt til stavproduksjon. Furu til stavskjering kunne ikkje fløytast, for lang tid i vann ville vaske ut harpiksen som skulle gjere tønna tett. Derfor blei storparten av staven skoren i dei indre bygder. Hægeland var tidleg ein stor stavprodusent, og etter at Setesdalsbanen kom i 1896, blei det lettare å få sendt stav til bøkkerverkstadane langs kysten. Stavsagene i Vest-Agder skar i åra 1945-50 nær 75 % av all norsk tønnestav. Hægeland og nabokommunane leverte i gode år stav til 300.000 tønner. Kile, med stavkongen John Ropstad f. 1884, var sentral – slik at Hægeland stasjon var den største opplastingsplassen for stav i heile landet. Det var i alt 14 stavbuer langs Mandalssporet, eit sidespor som enda i sandtaket sør for Lunnan. No går Rv 9 på den gamle jernbanelinja.



Stavsaga på Lasteplassen på Kile 1985. Eigar: John Ropstad jr. Hægeland sogelag overtok saga i 2022 og har flytta ho til Hægeland bygdemuseum. Foto: Knut John Bakken

bandstake	subst. m.	hasselstav som skulle kløyvast til tønneband. Det var eit vanleg arbeid i håballen (tida mellom våronn og høyyonn)
blække	v.	blække tre = blinke tre. Når det blei blækka, var det som regel tre som blei selt og kjøpt på stuen (på rot).

blåne	v.	furu som ligg lagra i varmt og fuktig ver, blånar i veden. <i>Nå blåne han.</i> Stav med blåved blei vraka. Derfor føregjekk stavskjeringa før våronna. Det var viktig å nytte god vassføring i snøsmeltinga.
bogesag	subst. f.	sag med smalt sagblad festa til ein boge var ofte brukt til å kappe buttar
bonnestav	subst. m.	botnstav, emne til å lage botn og lokk, ca. 15 cm breie, 94 – 96 cm lange til to lengder og 19 mm tjukke
bott / botte	subst. m.	butt, furustokkar oppkappa i 78,5 – 81 cm lengde til side-stav og 94 – 96 cm til to lengder botnstav. <i>Æ he dreve fram ti lass me botte.</i> NB: o-lyd
bøkker	subst. m	yrkestittel på person om set saman stavar til tønne
bøkre	v.	sette saman stavar til tønne med tønneband rundt av jern, hassel eller tau
døkti stav	subst. m.	stav som har godkjent kvalitet, jf. vrakestav
file	v.	file tennene på sagbladet for å lette saginga og få pen skur
grindesag	subst. f.	grindsag er ei sag der sagbladet er festa til ei grind av tre
halvtønne	subst. f.	kar av tønne-stav i halv høgde utan lokk. Før det kom springvann, var det vanleg å bere inn vann og fylle i halvtønner i fjøs og stovehus.
harpeis	subst. m.	harpiks i furu gjorde tønnene tette til sild og fisk i saltlake
hun	subst. m.	hun, dei fire avskjera når dei skar bygningsmaterialar
jur	subst. f.	gjord, jur, tønneband av hassel, taug eller jernband
jure tønne	v.	legge tønneband rundt stavane. Dersom jurene lausna og fall heilt av, ramla stavane på golvet. Det har gitt uttrykket <i>falle i stavar</i> , dvs. å falle ut, falle i tankar.
langslee	subst. m.	slede, køyredoning for hest med treplatt oppå bukk og geit, dvs. fram- og bakslede. Buttane blei lagt på tvers av platten.
langkjerre /-vogn	subst. f.	køyredoning med to hjulgangar på sommarføre. Den svingbare hjulgangen fremst hadde små hjul. Hjulgangen bak hadde store hjul og kunne vere ei møkkakjerre utan kasse. Langkjerra blei brukt til å transportere buttar, stav og plank til bygningsmaterialar.

last	subst.	tømmer til saging av bygningsmaterialar eller stav
leist stav	subst. m.	den stavmengda som trengst til å lage 12 tønner
lø / lø stav	v.	legge nyskorne tønnestavar skrått oppå kvarandre til tørk med strø mellom kvart lag. Dette var ofte barnearbeid. Sjå platte. Odd Leonard Aslaksen f. 1927 fortel: – Lønna var 75 øre/tusen sidestav og kr 1,25/tusen bunnstav. Barnearbeidet var svart og skattefritt.
løftekasse	subst. m./f.	forløpar til konteiner, bygd av tre. Setesdalsbanen var smalspora. For å lette omlasting til breispora jenbanevogner på Grovane stasjon, blei staven lasta inn i løftekasser som stod på smalspora vogner. På Grovane løfta dei over løftekassene til breispora vogner med portalkran. Det var to typar; G-kasse med tak og L-kasse, som måtte ha presenning over stavlasta.
platte	v.	legge tørka stav flatt, side ved side utan strø mellom kvart lag
ra	subst. f	rad, ei rad platta stav, som er klar for oppmåling.
ranke	subst. m.	lødd rad stav som står til tørk. <i>Nå he æ lødd tri ranke.</i> Når staven var tørr, blei det vraking. Sjå vrake.
reise	v.	sette opp stavar til tønne, reise tønne
sagespon	subst. f.	spon frå skjering. Uttalen kan vere <i>spon</i> eller <i>spån</i> .
siestav	subst. m.	sidestav, dei ståande stavane til ei tønne, 5 til 10 cm breie, 17 mm tjukke og 78,5 – 81 cm lange
sjaue	v.	hjelpearbeidet på stavsaga: 1. trille eller bere buttar bort til den/dei som skar stav 2. ta unna og lø stav etter skjering I tillegg måtte det takast unna stav-ved.
spondrager / spåndrager	subst. m.	kjetting som gjekk rundt to hjul til å dra vekk spona frå sagbladet. <i>Spåna tette sæ, du skjere for fort, må få meir fart på drageren!</i>
spånvifte / spon-	subst. f,	vifte til å blåse vekk sagespon
stav	subst. m.	emne til å bøkke (lage) tønner
stavbu	subst. f.	hus til å lagre tørka stav fram til opplasting
stavlag / -la	subst. n.	stabel av stav

stavmålar	subst. m.	person som var autorisert til å måle stav til oppkjøpar
stavsag	subst. f.	sagbruk med kort sagbenk til å skjere tønne- stav. Før det kom elektrisk kraft i 1920-åra, var det bekkesagbruk med kvernkall eller vasshjul som dreiv sagbladet.
stavsmie	subst. f.	frå gammalt laga dei stav ved å kløyve buttane med øks og kilar. Kvar stav måtte så smiast til med bandkniv og høvel.
stav-ved	subst. m.	dei fire avskjera av butten når dei skar stav. Jf. hun
stille	subst. f.	anlegget på sagbenken for å justere tjukne eller breidde på stav
stobbeslee	subst. m.	kort slede til å dra heile stokkar frå bratt terreng til plassen der dei kappar til buttar og la på langslede
stue	subst. m.	rot, stubbe. Selje på stuen = selje last eller ved på rot, dvs, at kjøparen står for hogsten sjølv.
stubærke	v.	hogge av bork nederst på stammen før felling
styre	v.	felle eit tre med sag eller øks
svans	subst.	tømmersvans el. berre svans er ei sag til å felle tre og kappe buttar. Svansen har tjukkare blad grovare tenner enn bogesaga. Dei første svansane var avkappa stokkesager brukt til å sage plank.
vikke /vigge	v.	bøye sagtennene til kvar si side slik at saga får romsligare skjær. Å vikke er heilt nødvendig både på sirkelsag og svans.
vrake stav	v.	sortere ut stav med svartkvist, blåning og andre kvalitetsfeil. Ein vrakar måtte ha autorisasjon.
vrakestav	subst. m.	stav som er vraka, sortert ut pga. kvalitetsfeil, jf. døktig stav
vreist	subst. f.	lekke av kjetting til å legge rundt meien for å bremse buttelass i bratte utforbakkar

Ord og uttrykk frå tømmerflotinga på Kilefjorden

Det var tømmerfloting i Otra, på Kilefjorden og vidare nedover vassdraget til 1973. Då blei Fellesflotinga lagt ned. Lastebilane tok over tømmertransporten. Dei fleste av desse orda og uttrykka har gått ut av bruk og vil gå i gløymeboka. Bertinius Godtfredsen, 1898-1983, var tømmerflotar på Kilefjorden frå 1924 til flotinga tok slutt i 1973. Han var tilsynsmann for flotinga frå Byglandsfjord til Vennesla bom frå 1948 til 1968. Me tek også med ord om flotinga andre stader i Hægeland.



Bertinus Godtfredsen med båsshaken i flotarbåten. Bergny Nilsen eig bildet.


bom	subst. m.	opptil 12.000 flytande tømmerstokkar med ein «ring» av samanlenka tømmerstokkar rundt. Ein flotarbåt vinsja til vanleg bommen på fjorden.
bomfeste	subst. n.	jernbolt i fast fjell for å feste bomlenke. Jf. landfeste.
bomlekke	subst. f.	kjetting med ei nål i begge endar til å slå inn i tømmerstokkar for å lenke dei saman på ein rask måte
bomlé	subst. n.	le, opning, «grind» i ein lede- eller samlebom for at båtar kunne passere under flotinga
båsshake	subst. m.	båtshake, flotarhake. Haken hadde gjerne skaft av hassel. Skaftet måtte ha spenst for å gi snert i tilslaget. Haken av jern hadde pigg til å støyte og pigg til å dra.
floke / vase	subst. m.	flotingstømmer som sette seg fast i stryk og fossar, danna ein floke som sperra for stokkar som kom ovanfrå. Det var eit farleg arbeid å løyse slike flokar.

flotar	subst. m.	fløytar, tømmerfløytar
flote	v.	fløyte tømmer i vassdrag. Ordet kjem av å <i>få til å flyte</i> .
flotarhake	subst. m.	jf. båsshake
landfeste	subst. n.	fast fjell med bolt til eit bomfeste. Flotarbåten festa vaieren til tømmerbommen og gjekk fram opptil 1000 meter. Så festa dei ein tamp frå baugen til landfestet og vinsja bommen inn til båten med spelet (vinsjen). Og så var det same operasjon fire-fem gonger til bommen nådde Soga. Der løyste dei slarken så stokkane flaut fritt med straumen.
landtak	subst.	arbeidet med å få last (tømmerstokkar) som hadde drive på land, ut i vatnet / straumen igjen.
last	subst. f.	tømmerstokkar
lasterenne	subst. f.	trerenne på stader der lasta elles ville sette seg fast, t.d. der i bekken el. åna gjorde ein tverrsving.
ledebom	subst. m.	samanlenka tømmerstokkar festa mellom to nes for å hindre at tømmerstokkar skulle reke inn i evjer og viker. Jf. bomfeste.
lekke	subst. f.	lenke (kjetting) med enten ei nål eller ein støl i kvar ende
løyse bommen	v.	Når det var flaum, kunne ein la bommen med lasta flyte med straumen ned mot Soga.
nål	subst.f.	spiss jernbolt med kjetting i enden til å feste i ein stokk
skjerm	subst. m.	mur av naturstein for å hindre at lasta flaut inn i bak-evjer i elva. Jf. sjeté, franske <i>jetée</i>
slark	subst. m.	ei lang lenke av samanlenka tømmerstokkar til å legge rundt tømmer som kom flytande. Det var vanleg å ringe inn lasta ved Biskopsundet. Det skjedde ved å køyre med flotarbåten rundt lasta med slarken og ringe inn lasta til ein bom.
slå på last	v.	velte tømmer ut i elva slik at det flaut med straumen – <i>Flotinga starta i mai - juni. Då slo dei på last på Byglandsfjord og elles oppgjennom dalen, fortel Alv Godtfredsen etter faren, Bertinius.</i>
spel	subst. n.	vinsj, vinsj på flotarbåt
stem	subst. m.	demning for å samle opp vann til floting el. til drift av kvern og sagbruk
støl	subst. m.	krampe av smidd jern til å feste kjettinglenke til ein tømmerstokk. Stølane sat fastare enn nålene.
støyte	v.	jf. slå på last. Ordet blei også brukt om arbeidet med å føre last inn i ei lasterenne.
støytelag	adj.	når det er nok vann i elv el. bekk til å flote. <i>Løyningelva æ i støytelag nå.</i>

støyterenne	subst. f.	renne til å leie last frå elv el. bekk ut i storelva (Otra)
tømmerdriving	subst. f.	arbeidet med å reinske opp og tilrettelegge bekkar og småelver for å flote last og sjølve flotinga etterpå
tømmerrenne	subst. f.	renne av tre til å føre tømmer forbi stryk og fossar der det blei bygd dam og kraftverk. Flotarmannskap måtte «hjelp» stökkane inn i renna. Jf. støyte.



Lekker til å lenke saman tømmerstokkar. Dei bora hol i stökkane og tredde inn den lang lekka (nr. 2 nedanfrå) når dei laga ein ledebom eller ein slark. Det var sterkast. Foto: Oddvar Moen



Landfeste med kjetting til å feste vaieren i. Foto: Nelly Gunn Landås

Kjelder: Lysbildeserien *Fellesfløytinga – Fellesflotinga* av Oddvar Moen, Hægeland sogelag 2017, bygd på samtalar med Alv Godtfredsen, *Bertinius Godtfredsen, Tømmerfløter i Kilefjorden 1924–1973* av Osmund Hægeland 2004. *Hægelandsboka III Kultursoga* av Jon Åsen 1967.

Segner frå Hægeland

Hægelandsmål

Huldrekjyrane på Homme

Ein sommår hørte kåna på Håmme ein underli dur i fjelle. Ho sprang ut å skolle se. Då jekk de to huldrekjyr å beitte på Langægra. Ho skunna sæ inn ette melkekålla, men me de same hørte ho de ropte på kjyrane frå fjelle. Kjyrane to te å springe i ein ronn ring. Då fekk kåna kasta kålla øve dei.

Straks ette ropte de frå fjelle at kåna kunne ha kjyrane bare ho ikkje nemte dei på namn. Slik blei kjyrane veranne på Håmme.

Så hente de at ein gut på Håmme blei gla i ei huldrejente. Huldrejenta ville jøne ha guten så ho blei kåne på garden. Denne jenta visste namne på kjyrane. Då dei hadde lagt på tri kalve, blei dei to kjyrane slakta. I det same andre kjyra va dau, kåmm kåna ut å sa: «Jammen he me hatt lukke me dessæ kjyrane.» Å så sa ho namne på di. Men i same stunna va alle kalvane bårte. Ingen så di ijen seinare.

<https://www.youtube.com/watch?v=3Im-VqTXxUvQ&t=25s>

Jon Åsen har henta denne segna frå «Unge-Agder».

Kjuringsteinen

Kjuringane på Eikeland å Lauås skulle møtes ein da fårr å fastsette bytte mellom garane. Dei skulle stå opp tili om måraen å gå i møte med verandre. Der dei møttes, skulle bytte stå. Nå bar de så gale te at kjuringen på Eikelann fårsåv sæ, å han kåmm ikkje langt før han møtte kjuringen frå Lauås. Då blei kjuringen på Eikelann så sinna at han slo den andre ihæl. *Kjuringsteinen* stenne på dennæ plassen den da i da og skal minne om dettæ.

<https://www.youtube.com/watch?v=POsT5kTI1yU>

Nynorsk

Huldrekyrne på Homme

Ein sommar hørte kona på Homme ein underleg dur i fjellet. Ho sprang ut og skulle sjå. Då gjekk det to huldrekyr og beitte på Langekra. Ho skunda seg inn etter mjølk-kolla, men med det same hørte ho det ropa på kyrne frå fjellet. Kyrne tok til å springe i ein rund ring. Då fekk kona kasta kolla over dei.

Straks etter ropa det frå fjellet at kona kunne ha kyrne, berre ho ikkje nemnde dei på namn. Såleis blei kyrne verande på Homme.

Så hende det at ein gut på Homme blei glad i ei huldrejente. Huldrejenta ville gjerne ha guten, så ho blei kone på garden. Denne jenta visste namnet på kyrne. Då dei hadde lagt på tri kalvar, blei dei to kyrne slakta. I det same den andre kua var daud, kom kona ut og sa: »Jammen har me hatt lykke med desse kyrne». Og så sa ho namnet på dei. Men i same stunda var alle kalvane borte. Ingen såg dei att seinare.

Hjuringsteinen

Hjuringane på Eikeland og Lauvås skulle møtast ein dag for å fastsetje bytet mellom gardane. Dei skulle stå opp tidleg om morgonen og gå kvarandre i møte. Der dei møttest, skulle bytet stå. Nå bar det så gale til at hjuringen på Eikeland forsov seg, og han kom ikkje langt før han møtte hjuringen frå Lauvås. Då blei hjuringen på Eikeland så sinna at han slo den andre ihel.

Hjuringsteinen står på denne staden den dag i dag og skal minne om dette.

Dette er vandresegner. Det er ei liknande segn om bytet mellom Loland og Beines-tveit. Hjuringane møttest ein stad på Langelandsheia. Der den eine guten blei drepen, heiter det *Kjuringfallet*. Variantar av slike segner finst fleire stader over heile landet.

På veg inn til Bruna frå Riksveg 9 skal det også ha skjedd eit hjuringfall. Steinen står i kanten av den gamle ferdselsvegen mellom Hægeland kyrkje og Kile.

<https://www.kulturminnesok.no/kart/?q=Vennesla&am-county=&lokenk=location&am-lok=&am-lokdating=&am-lokconservation=&am-enk=&am-enkdating=&am-enkconservation=&bm-county=&cp=1&bounds=58.3981224440385,7.752286791801453,58.396258682435175,7.755290865898132&zoom=18&id=bb022a38-6602-11eb-9df2-005056bf3d73>

Desse segnene er *opphavssegner*. Dei vil forklare stadnamn og sogar bak namnet.



Steinen ved Hjuringfallet. Foto: Hanne Kile

Drape på Finnemyrane

Ein fremmenkar, ein finn, hadde ståle på Lauvås. Karane på garen sette ette finnen og drap han. Plassen der dettæ hente, blei seinare kalt *Finnemyrane*.

<https://studio.youtube.com/video/Xt4Wc1jFq-Q/edit>

Dette er er ei opphavssegn med ein kjerne av sanning. I lensrekneskapen for 1632 står det at tre namngjevne menn frå bygda var med lensmann Ånon Finsland «for at forfare og bese en gammel mand ved navn Mathias Finne som løverdagen tilforn havde sig selv med en kniff drebt og taget af dage.» Dei fann både pengar innsydd i kleda hans og noko spekekjøtt ved liket, men om det var tjuvgods, står det ikkje noe om. Så spørst det om ein skal tru mest på det lensmannen skreiv ned, eller det folketradisjonen vil ha det til.

Innlesing av lydfilene: Stein Godtfredsen, Ytregarden på Kile, født 1956.

Drapet på Finnemyrane

Ein framankar, ein finn,^{*)} hadde stole på Lauvås. Karane på garden sette etter finnen og drap han. Staden der dette hende, blei seinare kalla *Finnemyrane*.

^{*)} Nå ville me nok ha skrive *ein same*.

Å gjure med reip og hegda



Legg reipet (tauet) under sleden/vogna over lasset og tre reipenden ovafrå og ned i hegda.



Dra kraftig til i reipenden me ser til høgre, så stramt at lasset ligg fast på vogna eller sleden.



Legg reipet rundt det høgre hornet medan du held ein finger nedst så reipet ikkje glir.



Slå eit halvstikk rundt det venstre hornet. Keivhendt gjorde det gjerne motsett.

Kjelder:

- *Dialektlandet*, av Martin Skjekkeland, Portal forlag 2010
- *Endringar i ordtilfanget i ei Vest-Agder bygd, Hægeland*, Universitetet i Bergen 1981, Hovudoppgåve av Sig Tove Aasen
- *Hægelandsboka og Øvrebøboka, Gard og ætt 1951 og Kultursoga 1967* av Jon Åsen
- Hægelandfolk som me har spurt undervegs i arbeidet
- Filmen *Heieslått*, Hægeland sogelag 1963, kommentert av Osmund Hægeland
- Filmen *Kornskurd, tresking, baking*, Hægeland sogelag 1973, kommentert av Osmund Hægeland
- *Kart som viser Hægeland kommune før samanslåinga 1964*, Vennesla kommune
- Lysbildeserien *Fellesfløytinga – Fellesflotinga* av Oddvar Moen, Hægeland sogelag 2017
- *Ordsamling frå Kile*, av Bergny Nilsen, f. Godtfredsen
- *Store norske leksikon*, artiklar av professor emeritus Martin Skjekkeland, Universitetet i Agder. Med løyve frå forfattaren, sjå forordet.
- *Venneslamålet, ein sentral og standhaftig dialekt på Agder* av Olav Jortveit 2010
- *Årsskrift 1997–2021, Øvrebø historielag*